

01/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat
Dato: 27.01.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Bremanger	03.02.2014	01/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

02/14 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat

Dato: 27.01.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Bremanger	03.02.2014	02/14	Ja

Saksvedlegg

- SM 1-14: Brev datert 13.1.2014 frå KRYSS Revisjon v/dagleg leiar/revisjonssjef Terje Førde: Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald m.v.
- SM 2-14: Årsrapport for 2013, datert 14.1.2014, Skatteoppkreveren i Bremanger kommune.
- SM 3-14: Brev til kontrollutvalet, oversendt frå Harry Gulestøl.
- SM 4-14: E-post datert 3.1.2014 frå KRYSS Revisjon v/Terje Førde: Tilskotsmidlar trekt tilbake 1438 Bremanger kommune. Vedlagt brev frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune datert 1.11.2013 og 18.6.2009.
- SM 5-14: Rapport datert 2.12.2013 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sitt tilsyn med tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogram i Bremanger kommune.
- SM 6-14: E-post datert 16.12.2013 frå KRYSS Revisjon v/Terje Førde: Fylkeskommunale Trafikktryggingssmidlar – Aksjon skuleveg 2013 – tildeling og prosjektrapportering/ferdigmelding – Bremanger kommune m/vedlegg.
- SM 7-14: E-post datert 3.1.2014 frå KRYSS Revisjon v/Terje Førde: kontrollutvalsfunksjonen i Bremanger, brev, retting av brev, svarbrev m.v.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Bremanger kommune
v/Rådmannen
Postboks 104
6721 Svelgen

SM 1-14

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:
\\misleghaldtilsyn14/tf14 216 025 / 2014 13. januar 2014

RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD, M.V. :

I følge gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og deri oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandard at *revisor skriftleg innhentar årleg* uttale frå leiinga i kommunen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skriftleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiki for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Bremanger Kommunestyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen

Regionskontor for kommunane:
Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 27 91, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 27 89, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldst mislegheiter som kan knytast til *relasjonar til nærståande partar* og transaksjonar med desse:
 - *kva er identiteten til kommunen sine nærståande partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året*
 - *kva slags relasjonar kommunen har til desse nærståande parter, og*
 - *korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Vi håper De kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om at rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2014.

Førde, 13. januar 2014

Med helsing


Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 27, 6811 Førde

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonsjef



Kopi: Kontrollutvalet i kommunen



Årsrapport for 2013

**Skatteoppkreveren i
Bremanger kommune**

Innhold

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret.....	3
1.1.1 Ressurser	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressurser og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Vurdering av skatteinngangen	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret	4
1.4 Skatteutvalg	4
2. Skatteregnskapet	4
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet	4
2.2 Margin	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2012.....	5
2.2.2 Margin for inntektsåret 2013.....	5
2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen.....	5
3. Innfordring av krav	5
3.1 Restanseutviklingen.....	5
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav	5
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser	6
3.1.3 Restanser eldre år	7
3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år.....	7
3.2 Innfordringens effektivitet.....	7
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2013	7
3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat.....	7
3.2.3 Omtale av spesielle forhold	8
3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen.....	8
3.3 Særnamskompetanse.....	8
4. Arbeidsgiverkontroll.....	8
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	8
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller	8
4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen	8
4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen	9
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	9
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak	9

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet


1.1 Skatteoppkreverkontoret

1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved skatteoppkreverkontoret som kun er benyttet til skatteoppkreverfunksjonen i regnskapsåret		100 %
Ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap		25%
Innføring av skatt og arbeidsgiveravgift		45%
Arbeidsgiverkontroll		10%
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførere/revisorer		10%
Skatteutvalg		5%
Administrasjon		5%
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Økonomiavdelinga i Bremanger kommune er organisert slik:



1.1.3 Ressurser og kompetanse

Økonomiavdelinga sitt ansvarsområde er firedeelt:

- 1 Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift på vegne av staten etter skattebetalingslova og instruksar frå skattedirektoratet og Skatt Vest.
- 2 Rekneskapsførarfunksjonen for kommunen.
- 3 Innkrevjing av kommunale avgifter, eigenbetaling m.m., innkjøp.
- 4 Drift, økonomisk planlegging med årsbudsjett og økonomiplan.

SKO har det daglege ansvaret for alle oppgåver som omhandlar skatt, sjå punkt 1 ovanfor.

1.1.3 Ressurser og kompetanse

Som ein kan sjå av organisasjonskartet, har Bremanger kommune 1,3 stilling som skal vere knytt opp mot skatt. I tillegg har også økonomisjefen tilgang til skatterekneskapen. For tida blir dei fleste oppgåvene utført av skatteoppkrevjar åleine.

Økonomisjefen/førstekonsulent godkjenner utbetalingane i bank, og førstekonsulent skatt anviser/attesterer utbetalingsoppdrag i Sofie. Dersom desse to ikkje er til stades, anviser/attesterer samarbeidspartnar i Eid kommune.

1.2 Internkontroll

Bremanger kommune og Nordfjordkommunane har i samarbeid utarbeidd rutinebeskrivelse og verksemdsplan. Rutinebeskrivelse og verksemdsplan er no ferdig tilpassa det enkelte kontor, og blir fortløpande oppdatert.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret

For 2013 er det innbetalt totalt kr 352. 821.821,- mot kr359.404.914,- i 2012 Dette er ein nedgang kr.6.583.093,-..

1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret

Fordelinga mellom skattekreditorane har i 2013 vore slik:

Kommune:	kr	92.694.210
Stat:	”	131.467.529
Fylke:	”	19.803.315
Trygd/fond	”	108.856.767

1.4 Skatteutvalg

Frå 2009 skal skatteutvalsaker sendast til Skatt Vest. Skatteoppkrevjaren skal lage innstillinga. Skatteoppkrevjaren i Bremanger har ikkje hatt nokon slike saker i 2013.

2. Skatteregnskapet

2.1 Avleggelse av skatteregnskapet

Avleggelse av skatteregnskapet

Skatteoppkreveren i Bremanger kommune bekrefter at skatteregnskapet for 2013 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevare § 3-1.

Det er ikkje motteke pålegg om regnskapsføringa, rapporteringa og avleggelse av skatteregnskapet frå regional kontrollenhet.

Årsregnskapet for 2013 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkreveren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2012

Innestående margin for inntektsåret 2012, pr. 31.10.2013	kr	378.521
Før mye avsatt margin for inntektsåret 2012	kr	-378.521

Marginprosent

Prosentats marginavsetning: 10 %. Gyldig fra: 01.01.2012

2.2.2 Margin for inntektsåret 2013

Marginavsetning for inntektsåret 2013, pr. 31.12. 2013 kr 23.590.676

Gjeldende prosentats marginavsetning: 10 % Gyldig fra:01.01.2012

2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen

Marginavsetning for inntektsåret 2013, pr. 31.10.2013 kr 18.487.339

Gjeldende prosentats: 10%.

Prosentatsen vart i kommunestyre 14.12.2011 auka frå 8% til 10%.

Skatteoppgjæret for 2012 viste at for dette året hadde vi overskudd på margin.

3. Innfordring av krav

3.1 Restanseutviklingen

3.1.1 Totale restanser og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2013	Herav berostilt restanse 31.12.2013	Restanse 31.12.2012	Herav berostilt restanse 31.12.2012	Endring i restanse	Endring i berostilt restanse
					Reduksjon (-) Økning (+)	Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	6726585			5947498	+779087	
Arbeidsgiveravgift	42695		43407		-712	
Artistskatt	0		0		+467512	
Forsinkelsesrenter	858500		390988			

Forskuddsskatt	0		0		
Forskuddsskatt person	1463021		1332077		+130944
Forskuddstrekk	1017		834		+183
Gebyr	0		0		
Innfordringsinntekter	11986		12100		-114
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0		0		
Kildeskatt	0		0		
Restskatt	614200		1285756		-671556
Restskatt person	3735166		2882336		+852830
Sum restanse diverse krav	0		48331		-48331
Diverse krav	0		48331		-48331
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	6726585		5995829		+730756

3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Forskotsskatt person:

Av utestående beløp – kr 1.463.021,- er kr 534.501,- fastholden forskotsskatt for tidlegare år. Av utestående for 2013 blir storparten innbetalt i jan/februar.

Forskotsskatt upersonlege:

Ingen restansar

Restskatt person:

Bremanger kommune har ein del vanskelege skattyttarar.

Dei fleste restansane er sikra med utleggsforretning. Der ein har funne arbeidsgjevar er det lagt inn utleggstrekk. Nokre av skuldnarane har oppdrag for kommunen, og desse blir motreka. Det blir lagt inn motrekning på dei skuldnarane som får tilskot frå SLF.

Vi har også ein del utanlandske skattyttarar som har fått restskatt, og som er flytta frå landet, og det har vore umuleg å finne rett adresse.

Restskatt:

Pr. 31.12.2013 sto det ubetalte restskattar med kr 614.200.-.

Det vart foreteke endring av likning for ei verksemd for åra 2006.

Verksemda klaga på vedtaket, men fekk ikkje medhald. Dei betaler ned på skattegjelda i månadlege rater.

Arbeidsgjevaravgift:

Restansen på kr 42.695,- gjeld skjønnsfastsetjingar gjort av LK i 1999 og 2000.. Beløpet er seinare teke med i ei gjeldsordning. ei gjeldsordning.

Forskotstrekk

Pr. 31.12.2013 står det att ein restanse på kr 1.017,-. Denne er oppgjort i januar 2014.

3.1.3 Restanser eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2011	-745785	-677578
2010	-115611	-10210
2009	-153833	-11387
2008 – 1993	-2189661	-568388-----

3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

For eldre år har Bremanger ein del restansar. Dei fleste er sikra gjennom utleggsforretning. Der ein finn arbeidsgjevarar blir det lagt inn utleggstrekk. Størsteparten av restansane for eldre år skuldast gamle skjønslinkingar. Dei aktuelle skattytarane er anbefalt å søkje hjelp av Skattehjelpen for å få endra urealistiske skatterestansar.

Ein del av restskattane gjeld utlendingar som er reist frå landet, og det er umuleg å finne rett adresse. Nokre av desse restskattane er forelda, og det har vore prøvt å søkje om å avskrive dei som uinndrivelige. Dette har vist seg å vere vanskeleg då foreldeslovas § regulerer foreldelsesfristane.

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2013.

Antall krav som var forelda pr. 31.12.2013: 8

Samla beløp på krav som var forelda pr. 31.12.2013: kr 43.722,-.

Det er ikkje foreteke avskrivning/utgiftsføring av skattar og avgifter i 2013.

3.2 Innfordringens effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2013

Resultat innbetalt pr. 31.12.13

Restskatt person	2011	:	91,7%	Krav: 92,7%
Restskatt	2011	:	100%	Krav: 99,5%
Forskotstrekk	2012	:	100%	Krav: 100%
Arbeidsgjevaravgift	2012	:	100%	Krav: 100%
Forskotsskatt person	2012	:	99,2%	Krav: 99%
Forskotsskatt	2012	:	100%	Krav: 100%

3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

Også i 2013 er det lagt inn pålegg om trekk i lønn der skattytar ikkje har gjort opp sine forpliktelsar. I 2013 er det utarbeidd svært få betalingsavtaler. Betalingsavtale er ein innkrevjingsmåte som gir gode resultat. Det har også vore ein del motrekningar i eksterne fakturaer og tilskot frå SLF.. Det er også haldne utleggsforretningar

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Tidleg i 2010 vart likninga for 2005 og 2006 endra for ei bedrift. Verksemda klaga på avgjersla, men fekk ikkje medhald. Restansen for 2005 er nedbetalt, og resten blir nedbetalt i rater. Vidare er det nokre skattytarar som er blitt skjønnslikna og fått store restskattar. Andre har sendt inn klager for fleire månader sidan, men er ikkje handsama av skattekontoret.

3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

Ved å nytte telefoninkasso aktivt og halde fleire utleggsforretningar kan det vere muleg å få til ei meir effektiv innfordring.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren i Bremanger har hatt særnamsmynde sidan juli 2000. Dette er bra, ein slepp den til tider lange handsamingstida hos ordinær namsmann

Arbeidsgiverkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen

Bremanger kommune er pr. i dag ikkje deltakar i noka interkommunalt samarbeid, men prøver å utføre også denne oppgåva med egne ressursar.

Det er tilsett ein ny rekneskapsmedarbeidar på Økonomikontoret. Han tok til i stillinga 1. mars 2012. Deler av stillinga hans er knytt opp mot skatt. Kor stor del dette vil utgjere, er ikkje heilt avklart endå.

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Antall planlagte kontroller for 2013: 8

Som utgjør: 5 % totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontrollar i 2013: 8

Som utgjør: 5,2 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2012: 1

4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen

Det vart ikkje avdekka noko beløp under ettersyna.

Enkelte arbeidsgjevarar er ikkje flinke til å melde arbeidstakarane inn og ut av AA-registeret. Dette er påpeika i rapportane til dei det gjeld.

4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen

Kravet som vart sett for 2013 vart i år oppfylt.

I fleire år har det vore ønskje om å få i stand ei interkommunal stilling når det gjeld arbeidsgjevarkontrollen. Ein har etter kvart innfunne seg med at dette ikkje let seg gjere, og at ein får klare seg sjølv som best ein kan.


4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

I 2013 har det ikkje vore samarbeid med andre kontrollaktørar.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Nye arbeidsgjevarar har fått tilsendt info.

Sted/dato: 14. januar 2014


Skatteoppkreverens signatur

Vedlegg: Årsregnskapet for 2013 - signert av skatteoppkreveren.

Årsregnskap - kommune - sammendrag

Utvalgskriterier: Komm nr: '1438', År: '2013', Hovedbokstype: 'k'

	Valgt år	Førige år
Likvider	24 790 523	25 957 401
Skyldig skattekreditorene	-1 247 275	-3 081 109
Skyldig andre	-19 663	-23 888
Innestående margin	-23 523 583	-22 852 402
Udisponert resultat	-2	-2
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-38 770 302	-45 216 768
Personlige skatteyttere	-265 253 920	-249 278 576
Selskapskatt	-48 587 330	-64 697 620
Renter	-220 367	-215 322
Innfordring	10 098	3 372
Sum	-352 821 821	-359 404 914
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	38 770 302	45 216 768
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	70 086 464	66 920 107
Fordelt til Fylkeskommunen	19 803 314	18 978 405
Fordelt til kommunen	92 694 216	88 119 614
Fordelt til Staten	131 467 525	140 170 020
Krav som er ufordelt	0	0
Videresending plassering mellom kommuner	0	0
Sum	352 821 821	359 404 914
Sum totalt	0	0

Svelgen, 14/1-14

Bjerg

SKATTEOPPKRETJENINGSBYRETTEN I BREMANGER
ET. 9. 14. 2014

Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**
Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skyldig skattekreditorene**
Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.
- **Skyldig andre**
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.
- **Udisponert resultat**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.
- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.
- **Fordelt til skattekreditorene**
Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.
- **Krav som er ufordelt**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

SM 3-14



Vaktbikkje Harry Gulestøl
Kontrdlkomitèen i Bremanger Herredstyre
6729 KALVAG

Postmark: KALVAG 1983

Til

Kontrollkomiteen i Bremanger Herredstyre

Nå er det jaggu på tide at Dere ser på hva den infiltrerte og korrupte driver på med.

Ikke bare agiterte og foreleste han lovtekster når han sterkt bidrog til dette skandaleprosjektet i Leirgulen; både gjennom sin plass i Herredstyret og i kommunen sitt Formannskap. Slike personer har man ikke livets rett og vi har heller ikke bruk for slike i dagens folkestyre.

Det denne mannen har bidratt til er null og niks, og hadde jeg vært i Deres ansvarsområde, skulle jeg bidratt til å fått ham fjernet både fra lokalpolitikken og ikke minst i ordensmakten/politiet.

Han er ikke egnet til noen av delene og jeg ber instendig om at Kontrollkomiteen ser på denne saken.

Eller passer det ikke at denne type saker kommer på dagsorden; - det burde den gjøre når man ser hva Dere elles bruker våre skatte kroner til.

Lykke til!





FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Amt Erik Nordheim
Telefon: 57643168
E-post: fmsfaen@fylkesmannen.no

Vår dato
20.12.2013
Dykkar dato
06.11.2013

Vår referanse
2013/4747 - 423.1
Dykkar referanse

Mottakarar etter liste

Vedtak i klagesak som gjeld fylling i sjø ved Leirgulpollen, Bremanger kommune

Vi viser til oversending frå Bremanger kommune 06.11.2013. Saka gjeld klage på dispensasjon for fylling i sjø ved eigedomen gbnr. 85/19. Det er klaga innanfor fristen, og vilkåra for å handsame klaga er oppfylte.

Fylkesmannen tok klaga frå Ase Leirgulen, Jon Arild Dale og Anette Midtbø til følge. Med heimel i forvaltningslova § 34 opphevar Fylkesmannen vedtaket frå Bremanger formannskap 05.09.2013, sak 98/13, der fyllinga på elgedomen gbnr. 85/19 vart godkjent.

Bakgrunn for saka

I brev datert 05.02.2013 gjorde de Bremanger kommune merksam på fylling i sjøen ved gbnr. 85/19 i Leirgulen. De meiner fyllinga opphavleg vart etablert i 1987 av Statens vegvesen og eigaren av gbnr. 85/19. De skriv at fyllinga no er utvida, og de ber følgje opp tiltaket etter reglane i plan- og bygningslova kapittel 32 om ulovlege tiltak.

Bremanger kommune førehandsvarsla pålegg om retting til Statens vegvesen 03.05.2013. Kommunen la til grunn at tiltaket var søknadspliktig. Kommunen la vidare til grunn at fyllinga ikkje kunne godkjennast utan dispensasjon frå arealformålet landbruks-, natur- og friluftsområdet, og frå tiltaksforbodet i plan- og bygningslova § 1-8. Det går ikkje fram av kommunen sitt arkiv at den opphavlege fyllinga er godkjent tidlegare, eller kor tid denne kan ha blitt utført.

Statens vegvesen skreiv i brev datert 27.05.2013 at dei har plastra den tidlegare fyllinga for å få ei fin avslutning mot land. Dei meiner at plastringa som er utført no, følgjer den tidlegare fyllingslinja, og at fyllinga derfor ikkje er endra nemneverdig. Vegvesenet søkte ikkje om løyve eller dispensasjon for fyllinga.

Kommunen sende saka på høyring 21.06.2013. I fråsegn datert 22.08.2013 rådde Fylkesmannen som sektorstyresmakt til at verknadane av heile fyllinga burde vurderast opp mot interessene bak strandsonevernet. Ut frå det som var opplyst kunne sektorstyresmaktene ikkje sjå at den siste justeringa av fyllinga hadde ført til negative konsekvensar for strandsonevernet, samanlikna med tilstanden før.

Formannskapet i Bremanger kommune handsama saka i møte 05.09.2013, sak 98/13. Kommunen kom til at det ikkje var klart at Statens vegvesen *ikkje* hadde nødvendig privatrettsleg heimel til å gjennomføre tiltaket, sjølv om de hadde hevda at sjøgrunnen var i sameige mellom gnr. 85, bnr. 1 til 7. Formannskapet gav dispensasjon for fyllinga

Hovudsaka:
Landsvegvesen 3 2800 Leirgulpollen
Telefon: 57 64 31 68
Telefax: 57 65 33 62
E-post: 57 64 31 67

Landsvegvesen
Postboks 11 2000 Flåm
Postnr: 14 4801 Flåm
Telefon: 57 64 31 00
Telefax: 57 64 31 77

E-post:
fylkesmannen@fylkesmannen.no
www.fylkesmannen.no

«i samsvar med det som er utført». Brev frå kommunen med melding om vedtaket er datert 10.09.2013. Ifølgje dykk vart brevet motteke den 16.09.2013.

De klaga på vedtaket 03.10.2013, der de viser til at de har kravd fjerning av både ny og gamal fylling. De meiner kommunen no har framstilt saka som ei mindre utviding av tidlegare fylling. De held fast ved at heile fyllinga er ulovleg, også det som var utført i 1987. De reagerer også på at kommunen har godkjent tiltaket på det de meiner er felles sjøgrunn, og utan at tiltakshavaren har søkt om løyve eller dispensasjon for fyllinga. Vi viser elles til klageskrivet i sin heilskap.

Kommunen handsama klaga i møte 24.10.2013, sak 121/13. I saksutgreiinga går det fram at kommunen fleire gonger har vore i kontakt med Statens vegvesen for å opplyse om søknadsplikt og dispensasjonshandsaming for ytterlegare fylling i sjø. Kommunen kom likevel til at fyllinga kunne godkjennast utan formell søknad, sidan saka var forsvarleg opplyst og kommunen meinte at vilkåra for å dispensere var oppfylte.

Formannskapet tok ikkje klaga til følgje, og heldt fast ved vedtaket 05.09.2013. Saka vart deretter oversendt hit for endeleg klagehandsaming.

Regelverk

Fylkesmannen er delegert mynde til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, sjå plan- og bygningslova § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet.

Det går fram av plan- og bygningslova § 11-6 at kommuneplanen er bindande for nye eller utviding av eksisterande tiltak. I LNF-område er det ikkje tillate med frådelling eller bygging utanom til landbruksføremål eller næringsverksemd basert på bruket sine ressursar, jf. plan- og bygningslova § 11-7 nr. 5 bokstav a.

Det er eit generelt forbod mot byggjetiltak innanfor hundremetersbeltet langs sjø, jf. plan- og bygningslova § 1-8. Forbodet gjeldt så langt det ikkje er fastsett anna byggjegrænse i plan etter plan- og bygningslova.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 kan kommunen dispensere frå føresegner gjevne i eller i medhald av plan- og bygningslova. Dispensasjon krev grunnigjeven søknad. Etter forvaltningspraksis skal grunnigjevinga for å dispensere vere spesiell og gjelde særleg for tiltaket, og kommunen skal ikkje dispensere ut frå meir generelle vurderingar. Ved dispensasjon frå planar og tiltaksforbodet i strandsona skal kommunen leggje særleg vekt på statlege og regionale rammer og mål.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen legg til grunn at fyllinga på eigedomen gbnr. 85/19 er utført i fleire etappar, jf. brev frå Statens vegvesen 27.05.2013 med bilete før og etter utfyllinga/plastringa som er gjennomført no. Det siste tiltaket er utført av Statens vegvesen i samband med plastring av landkara for Leirgulpollen bru, fylkesveg 616.

Arealet for fyllinga er ikkje omfatta av reguleringsplanen for veganlegget, *Bremangersambandet del 2*, vedteken av kommunestyret 19.12.2007. I kommunedelplanen for Rugsund – Leirgulen, vedteken 21.03.2013, er arealet dels sett av til eksisterande byggeområde (B0), og dels til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF).

Sidan det ikkje ligg føre søknad eller situasjonskart er det uråd for Fylkesmannen å fastslå kor stor del av fyllinga som eventuelt ligg i byggeområdet B0. Ut frå bileta som ligg ved

brevet frå Statens vegvesen 27.05.2013, ser det ut til at fyllinga i hovudsak er plassert i området avsett til LNF-formål. Fyllinga framstår som eit søknadspliktig terrenginngrep etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav k. Vi viser elles til at også mindre terrenginngrep er omfatta av det generelle tiltaksforbodet i plan- og bygningslova § 1-8. Fyllinga kan derfor uansett ikkje godkjennast utan dispensasjon.

Dispensasjon krev grunngjeven søknad, jf. plan- og bygningslova § 19-1. Vidare heiter det i plan- og bygningslova § 21-2 første ledd:

Søknad om tillatelse skal være skriftlig og undertegnet av tiltakshaver og søker. Søknaden skal gi de opplysninger som er nødvendige for at kommunen skal kunne gi tillatelse til tiltaket. Det skal framgå av søknaden om det søkes om dispensasjon, jf. kapittel 19.

I forarbeida til plan- og bygningslova § 21-2 er det presisert at kommunen ikkje har noko ansvar for å vurdere om vilkåra for å dispensere ligg føre, dersom det ikkje er søkt om dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 45 (2007-2008), pkt. 27.5.

Tilsvarende følger det av ordlyden i plan- og bygningslova § 21-4 første setning at kommunen berre har plikt til å ta stilling til søknad om byggjeløyve «*fnår søknaden er fullstendig*». Normalt vil bygningsstyremaktene måtte avvise ein søknad som ikkje inneheld «*nødvendige opplysninger*», jf. byggesaksforskrifta § 5-4, og søknaden ikkje vert retta innan ein rimeleg frist.

Kommunen har godkjent fyllinga utan at det ligg føre søknad om løyve eller dispensasjon. Vi kjem denne framgangsmåten er i strid med reglane i plan- og bygningslova kap. 20 og det lovfesta kravet om grunngjeven søknad om dispensasjon. Synspunktet vårt har støtte både i lovteksten, lovførearbeida og praksis frå Sivilombuds mannen, sjå fråsegn av 19.07.2012 i sak 2011/2256. Kommunen kan heller ikkje dispensere frå sakshandsamingsreglane i lova, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd siste setning. Vi må derfor konkludere med at vedtaket frå formannskapet 05.09.2013 i sak 98/13 er ugyldig.

Følgjene av vedtaket vårt er at det ligg føre eit avvik frå reglane i plan- og bygningslova. Vi minner om at kommunen har plikt til å følgje opp ulovlege tiltak. Vi legg til grunn at kommunen vil handsame saka vidare etter plan- og bygningslova kapittel 32, slik det er varsla i brevet 03.05.2013. Alternativt må tiltakshavaren sende inn ein grunngjeven søknad om dispensasjon, og kommunen må i så fall handsame denne etter regelverket.

Vedtaket

Fylkesmannen tek klaga frå Åse Leirguløn, Jon Arild Dale og Anette Midtbø til følgje. Med heimel i forvaltningslova § 34 opphevar Fylkesmannen vedtaket frå Bremanger formannskap 05.09.2013, sak 98/13, der fyllinga på eigedomen gbnr. 85/19 vart godkjent.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast vidare, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Arnt Erik Nordheim
rådjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Mottakrar:

Åse Leirgulen	Leirgulen	6734	RUGSUND
Jon Arild Dale	Leirgulen	6734	RUGSUND
Anette Midtbø	Leirgulen	6734	RUGSUND

Kopi:

Statens vegvesen (ref. 2010/083450)	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
--	-------------	------	-----------

Elektronisk kopi:

Bremanger kommune (ref. 13/820)

Området i Leirgulen sett frå lufta. Det gule skraverte området er tomte til ein av klagarane. Foto: Statens kartverk

Ulovleg vedtak i Bremanger

Formannskapet i Bremanger må bite i det sure fylkesmanns-eplet og konstatere at dei ikkje hadde sitt på det tørre då dei vedtok å godkjenne ei steinfylling i sjøen i Leirgulen.

Publisert 02.01.2014 kl 11:22 Oppdatert 02.01.2014 kl 18:03

Anbefal

Tweet 1

8+1 0

Skriv ut

Tips en venn

Fylkesmannen si juridiske avdeling har gitt medhald til klagarane Åse Leirgulen, Jon Arild Dale og Anette Miltbø om at formannskapet i Bremanger sitt vedtak om å godkjenne ei fylling i sjø inst i Leirgulpollen. Dette er gjort i samband med bygginga av veganlegget Bremanger 2. Statens vegvesen utførte arbeidet i eit område som fylkesmannen si juridiske avdeling slår fast ikkje var del av sjøvegeganlegget.

Klagarane har kravd fjerning av fyllinga- som er gjort i to vendingar. Første gong i 1987 og siste no i samband med fullføringa av Bremanger 2 i 2013. Klagarane meiner at steinfyllinga er gjort på felles sjøareal i Leirgulen, utan at tiltakshavaren har søkt om løyve eller dispensasjon.

- Kommunen har godkjent fyllinga utan at det ligg føre søknad om løyve eller dispensasjon. Dette er i strid med reglane i plan- og bygningslova, slår rådgjevar Arnt Erik Nordheim i fylkeskommunen fast. Vedtaket er endeleg og kan ikkje ankast vidare.

Det minner om at kommunen har plikt å følge opp ulovlege vedtak. Det er to utgangar på dette. Enten må kommunen handsame saka etter plan- og bygningslova, eller så må tiltakshavar (Statens vegvesen) søkje om dispensasjon.



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Heidi Sandvik
Telefon: 57643151
E-post: fmsfhsa@fylkesmannen.no

Vår dato
22.08.2013
Dykkar dato
21.06.2013

Vår referanse
2013/2782 - 421.4
Dykkar referanse

Bremanger kommune
Postboks 104
6721 Svelgen

Fråsegn til søknad om dispensasjon frå pbl § 1-8 og arealdelen til kommuneplanen for plastring av eksisterande fylling i Leirgulpollen på gnr. 85/felles i Bremanger kommune

Vi viser til oversending dagsett 21.06.13 og til e-post frå oss 28.06.13, der vi varsla seint svar frå oss pga. av ferieavvikling.

Søknaden gjeld justering/plastring av ei eksisterande fylling. Tiltaket er gjennomført. Utfyllinga/plastringa er utført av Statens vegvesen i samband med utbygginga av veganlegget Bortnen-Kolsete, men inngår ikkje i reguleringsplanen. Statens vegvesen forklarar at dei har plastra og rydda eit tidlegare utfyllt område for å få ei fin avslutning mot land, og meiner plastringa stort sett fylgjer tidlegare fyllingslinje.

Grunneigarar peikar på at tidlegare fylling var utført utan løyve av Statens vegvesen i samband med vegutviding i 1987. Fyllinga er etter det kommunen greier å finne ut av utført utan løyve. Kommunen har etter det vi forstår følgd opp dette ved å gje førehandsvarsel om pålegg om retting, og oppmoda den ansvarlege om å søkje løyve til tiltaket. Sidan tidlegare utfylling er utført så langt tilbake som 1987, vurderer kommunen det som lite hensiktsmessig å krevje denne fyllinga tilbakeført til opprinneleg tilstand. Kommunen vel difor å handsame saka som ein søknad om dispensasjon for å justere og plastre ei eksisterande fylling, i samsvar med det som er gjort.

Generelt

Miljøvernavdelinga viser til pbl. § 1-8 der det m.a. heiter: *"I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser".* I kapittel 19 som omhandlar dispensasjonar står det i § 19-2 at: *"Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering".*

Som kjent må vedtak om å innvilge eller avslå ein søknad om dispensasjon grunnjevast. Det skjønnet kommunen skal utøve i dispensasjonsspørsmålet er avgrensa av kriteria i pbl. § 19-2, og viss lova sine vilkår ikkje er oppfylte vil det ikkje kunne gjevast dispensasjon.

Vi minner også om at naturmangfaldlova (nml.) har tilleggsomsyn som kommunen skal trekkje inn ved utøving av mynde etter pbl. og andre lover. Dei "miljørettslege prinsippa" skal leggjast til grunn som retningslinjer for all offentlig myndighetsutøving som vedkjem naturmangfaldet. Dette er lovfesta i nml. § 7, som også seier at *vurderinga av prinsippa skal gå fram av vedtaket.*

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsipost@fylkesmannen.no
Internett
www.fylkesmannen.no/sfj

Ulovleg tiltak

Miljøvernavdelinga ser det generelt som alvorleg at det blir fylt ut i sjøen, utan at det er omsøkt, og utan at det er vurdert om det faktisk er grunnlag for å gje dispensasjon for tiltaket (jf. kriteria i pbl. § 19-2). Kommunen har i utgangspunktet plikt til å forfølgje ulovlege forhold etter plan- og bygningslovgjevinga (jf. m.a. pbl. § 3-3 andre ledd og kapittel 32). Generelt bør kommunen m.a. ut frå allmennpreventive omsyn reagere mot ulovlege tiltak m.a. i strandsona. Vi konstaterer at kommunen no har gitt tiltakshavar høve til å søkje om dispensasjon i ettertid.

Ved handsaming av saka kan kommunen no anten gjere vedtak om retting/tilbakeføring eller gje dispensasjon. *Søknaden må då vurderast som om dei ulovlege tiltaka ikkje alt var utførte.* Gjennom ei slik handsaming av ulovlege tiltak vil det vere viktig å vurdere om det faktisk er grunnlag for å gje dispensasjon, eventuelt med vilkår til korleis tiltaka skal utførast, dvs. eventuelle krav om oppretting/ending av dei ulovlege tiltaka.

Vurdering av søknaden

Plan- og bygningslova har ikkje reglar for forelding av ulovlege tiltak. For gamle tiltak er regelen at tiltaket skal handsamast etter reglane som gjeld etter dagens regelverk (søknadstidpunktet). Dette kan tale for at dispensasjonssøknaden bør omfatte heile fyllinga samla, også det som var fylt ut før 1987. Kommunen bør generelt vere varsame med å avstå frå oppfølging av ulovlege tiltak, med mindre avviket har mindre betydning for regelverket. Primært bør kommunen bringe heile tiltaket i lovlege former ved å handsame heile fyllinga samla.

Kommunen bør generelt vere restriktiv med å gje dispensasjon for utfylling i grunne sjøområde som dette. Grunner i sjø er generelt viktige for biologisk produksjon og mangfald, og utfylling er øydeleggjande for slike kvalitetar. Også ut frå omsyn til landskap/estetikk og friluftsliv kan utfylling i sjøen gje negative effektar.

Vi forstår det slik at det siste utførte tiltaket knapt har medført ytterlegare utfylling i sjøen, og at tiltaket er gjennomført for å gje ei betre estetisk utforming av tidlegare fylling. Ut frå det som er opplyst og tilsende bilete kan vi ikkje sjå at den siste plastringa/justeringa har ført til negative konsekvensar for omsyna som ligg til grunn for strandvernet, samanlikna med tilstanden før.

Når det gjeld heile fyllinga samla, har vi ikkje kjennskap til omfanget av denne eller korleis tilstanden av strandkanten langs sjø var på utfyllingstidpunktet i 1987, og kan ikkje kome med ei konkret tilråding av om det er grunnlag for å gje dispensasjon eller ikkje.

Kommune bør så langt som råd vurdere verkandane av heile fyllinga samla opp mot interessene som ligg bak strandsonevernet (natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser). Dersom kommunen finn at det er grunnlag for å gje dispensasjon i dette tilfellet (jf. kriteria i pbl. § 19-2), vil det vere viktig at vedtaket også blir grunngjeve ut frå spesielle lokale tilhøve, slik at ein unngår presedens for andre liknande saker.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak i saka.

Med helsing

Dag Endre Stedje
seniorrådgjevar

Heidi Sandvik
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi pr. e-post: Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga

Du bruker en nettleser vi ikke støtter. Vi anbefaler at du oppgraderer til siste versjon av [Internet Explorer](#), [Chrome](#), [Firefox](#), eller [Opera](#).

Lån **105.000,-** Fra kun **1.118,-** pr mnd

Nem, rente 7,5-21%, Eff. rente 17%, 65.000,- søkes for: Etabl. nr. 925-70401-91474

firdaposten.no Framside | Næringsliv | Egendom | Motor | Lokaltliv | Sport | Kultur | BILDE | Video | Kunstsenter

SØK IDAG! **OPD FINANS**



Omkransd i Leirgulen sett fra lufta. Det gule strøverte området er tomte til ein av klagarane. Foto: Statens kartverk

Ulovleg vedtak i Bremanger

Formannskapet i Bremanger må bite i det sure fylkesmanns-eplet og konstatere at dei ikkje hadde siff på det tørre då dei vedtok å godkjenne ei steinfylling i sjøen i Leirgulen.

Ulovleg vedtak i Bremanger | Firdaposten

Firdapost 02.01.2014 kl 11:22 Opplystert 02.01.2014 kl 18:45

Fylkesmannen si juridiske avdeling har gitt medhald til klagarane Åse Leirgulen, Jon Arild Dale og Anette Midtbø om at formannskapet i Bremanger sitt vedtak om å godkjenne ei fylling i sjø innst i Leirgulpollen. Dette er gjort i samband med bygginga av veganlegget Bremanger 2. Statens vegvesen utførte arbeidet i eit område som fylkesmannen si juridiske avdeling slår fast ikkje var del av sjøtve veganlegget.

Klagaane har kravd fjerning av fyllinga, som er gjort i to vendingar. Første gong i 1987 og siste no i samband med fullføringa av Bremanger 2 i 2013. Klagaane meiner at steinfyllinga er gjort på felles sjøareal i Leirgulen, utan at tillakshavaren har søkt om løyve eller dispensasjon.

- Kommunen har godkjent fyllinga utan at det ligg føre søknad om løyve eller dispensasjon. Dette er i strid med reglane i plan- og bygningsslova, slår rådgjevar Arnt Erik Nordheim i fylkeskommunen fast. Vedtaket er endeleg og kan ikkje ankast vidare.

Dei minner om at kommunen har plikt å følgje opp ulovlege vedtak. Det er to utgangar på dette. Enten må kommunen handsame saka etter plan- og bygningsslova, eller så må tillakshavar (Statens vegvesen) søkje om dispensasjon.

Ulovleg bygging i Leirgulen

OLEJENSEN
Ap

Dette innlegget har bakgrunn i innlegg i Firdaposten 18.4.2013 "Provosert av byråkrati-ner".

Info.til lesarar som ikkje kjenner saka: Bygginga av nyevegen Borten-Kolset førte til at to naust måtte rivast i Leirgulpollen. Desse skulle byggast opp att i nærleiken. Part 1 søkte om byggeløyve, som vart innvilga. Part 1 bygde vesentleg større enn det som vart gjeve løyve til. Part 2 gjorde Bremanger kommune merksam på dette ved fleire høve tidleg i byggeprosessen. Part 2 fekk til byggestans i 10 dagar - her hadde kommuna sjanse til å begrense skadane, men reagerte likevel ikkje før utfyllinga var ferdig. Pr.i dag er bygget som det står, ulovleg.

Part 2, som er på rett side av lova, har blitt ignorert og trakassert av Bremanger kommune, medan part 1, som driv med ulovleg bygg, får all hjelp og støtte frå kommuna - så god hjelp at det resulterte i takkebrev til kommuna. Då part 1 bygde større enn det som var gjeve løyve til, vart dette ei vesentleg ulempe for naboane (part 2). Gjenteke forsøk på å få kontakt med kommuna og part 1, førte ikkje fram. Dette resulterte i at part 2 såg seg nøydde til å kontakte advokat. Part 2 hadde no grunn til mistru kommuna, og gjekk inn på ei avtale med part 1, i frykt for at utfallet skulle verte endå verre for del, til trass for at bygget er ulovleg.

Svar til Espen Gulliksen, Ap:
"Skivebom om Fylkesmann-kritikk i Firdaposten av 2..5.13: Eg ville polltimeldt saka med det same,


og ikkje inngått ei slik avtale. Eg er ikkje feig, men rettferd, likeverd og lik behandling må gjelde for alle. Eg er part i saka, på lik line med alle andre innbyggjarar i Bremanger kommune. Du skriv: "Vi vil gjerne imøtekomme alle fornuftige og lovlege tiltak". I denne saka imøtekjem du ulovlegheiter.


Kommunikasjonen mellom kommuna og Fylkesmannen er basert på feilaktige opplysningar frå kommuna si side. Subjektivt: Bremanger kommune har gjeve part 1/byggherre klarsignal til å byggje som part 1 vil. Kven hadde makt til dette?

Nesten samtlige etiske retningslinjer for Bremanger kommune er brotne i denne saka. Kanskje er det på tide å tørke støv av desse og få del fram i lyset? Eg viser til Bremanger kommune si helmeside, der alle fakta om denne saka ligg. Interessant artikkel: 3.1.2013: «Mindre kommuner skjuler oftere korrupsjon», ved Frank Aarebrot.



ENCLOSURE





0 5 10 15m

Målestokk 1 : 500 ved A4 utskrift

Utskriftsdato: 15.01.2013

GÅRDSKART 1438-83/5

Tilknyttede grunneiendommer:
83/5

skog+
landskap

TEGNFORKLARING

≡	Fulldyrka jord
≡≡	Overflatedyrka jord
≡≡≡	Innmarksbeite
S	Skog av særskilt høg bonitet
H	Skog av høg bonitet
M	Skog av middels bonitet
L	Skog av lav bonitet
i	Uproduktiv skog
≡	Myr
	Åpen jorddekt fastmark
	Åpen grunnlendt fastmark
	Bobygd, samf, vann, bre
	Ikke klassifisert
	Sum:

AREALTALL (DEKAR)

	0,0	
	0,0	
	11,2	11,2
	0,0	
	13,8	
	0,0	
	0,0	
	22,0	35,8
	8,6	
	6,6	
	78,5	93,7
	1,7	
	0,0	1,7
	142,4	142,4

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom.

I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse.

Arealstatistikken viser arealer i dekar av de ulike arealklassene for eiendommen.

Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourferingsbehov meldes til kommunen.

Markelagsgrensar

Eiendommegrensar



BREMANGER KOMMUNE TEKNISK

Luftfartstilsynet v/ Torgeir Tvedt
Postboks 243

8001 BODØ

Vår ref.
13/352-17/K3-&13, K2-N40/MM

Dykkar ref.

Dato:
08.05.2013

Som utflyttet Bremanger i noen år, frister ikke hjemkomst til 'bulyst i Bremanger'.
Hjemmesiden til Bremanger kommune 2013-05-08 avslører følgende:

Teknisk sjef, Magnhild Myklebust, er søster av Brynjar Myklebust, og om ikke det er nok er hun også søskenbarn til Hilde Myklebust og faren hennes er teknisk sjef's onkel, som alle er grunneiere; -

Man skulle tro at det etter hvert var nok omdømmenebygging i Bremanger!
Frank Aarebrot har nok rett når han sier at «mindre kommuner skjuler oftere korrupsjon». Dette ligger jo helt opp i dagen. Kontrollkomitèen har selv avslørt sine dumheter og er korrupte nok selv, til ikke å ta tak i disse vesentligheter.

Uttale til søknad om dispensasjon frå krava om konsesjon for å drive landingsplass i samband med kraftlinebygging

Viser til høyringsbrev vedk. søknad om dispensasjon frå krava om konsesjon for å drive landingsplass i samband med kraftlinebygging i Bremanger kommune.

Luftfartstilsynet ber om kommunen si vurdering av landingsplassane si drift i relasjon til allmenne omsyn, med vekt på miljø, helse, regulering, kulturlandskap og næringsinteresser. Etter Luftfartstilsynet si vurdering er dei allmenne omsyna (jf. luftfartslova §7-6) i all hovudsak vurdert og avgjort ved NVE sin konsesjon for bygging av kraftlina, og tilhøvet til naturmangfaldlova fullt ut handsama ved NVE sin konsesjon til bygging av kraftlina.

Etter Bremanger kommune sitt syn er helikoptertrafikk knytt til dei omsøkte landingsplassane mangelfullt utgreidd i konsekvensutgreiinga for søknaden, og ikkje omtala i konsesjonsvedtaket til olje- og energidepartementet. Naturmangfaldlova er heller ikkje omtala i konsesjonsvedtaket til OED. Når det gjeld omsynet til dei miljørettslege prinsippa som naturmangfaldlova byggjer på vil spesielt landingsplassen vest for Langevatnet vere konfliktfylt i høve Sørдалen naturreservat. Utstrakt helikoptertrafikk og drift av landingsplass slik det er planlagt ved Myklebustsetra vil ha negative verknader på det verdifulle kulturlandskapet, og drift av fleire av dei andre landingsplassane vil medføre negative verknader på friluftsliv og lokale næringsinteresser.

Bremanger kommune gjennomført lokal høyring av søknaden, og vi har fått inn merknad frå Myklebust grunneigarlag i Ålfoten. Kopi av merknaden fylgjer vedlagt. Grunneigarlaget har merknader til fleire av dei aktuelle landingsplassane, og er sterkt imot at det vert gjeve dispensasjon frå kravet om konsesjon for denne aktiviteten.

Kontoradresse:
Rådhuset
6721 SVELGEN

Postadresse:
Postboks 104
6721 SVELGEN

Telefon / telefaks:
95983000
57 79 63 01


E-post / web:
mm@bremanger.kommune.no
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:
3776.07.50035

Dei aktuelle landingsplassane ligg i hovudsak i LNF-område i arealdelen til kommuneplanen for Bremanger kommune, og etter vår vurdering bør verknadane på landbruk, natur og friluftsliv utgreiast grundigare gjennom konsesjonshandsaming. Kommunen ynskjer difor at søknaden om dispensasjon frå kravet om konsesjon vert avslått, og at tilhøva kring landingsplassane vert nærare utgreidd gjennom konsesjonssøknad. Alternativt ber vi om at dei mest konfliktfylte landingsplassane ved Langevatnet, Svartevasselva, Fjellevatnet, Dalsetvatnet og Myklebustsetra vert avslått.

Med helsing

Magnhild Myklebust
Magnhild Myklebust
Teknisk sjef


Tom Joensen
Rådmann

Myklebust Grunneigarlag
v/leiar Asbjørn Myklebust
6737 ÅLFOTEN

Bremanger kommune
6723 SVELGEN

Ålfoten 18.04.13

Uttale om Statnett sin søknad om løyve til landingsplassar for helikopter.

Statnett har søkt om dispensasjon frå kravet om konsesjon for ei rekkje landingsplassar for helikopter i samband med bygging av 420 kV kraftlinje i Bremanger kommune. Mange av desse ligg i vår utmark, og vi ønskjer derfor å uttale oss om desse.

Landingsplassen vest for Langevatnet ligg inne i Sjørdalen naturreservat. Helikoptertransport er ikkje tillate i følgje verneforskrifta for reservatet, så ein landingsplass for helikopter her kan ikkje tillast.

Landingsplassane vest for Svartevasselva og nord for Fjellevatnet ligg nær Langesjø Hyttegrend. Mykje helikoptertrafikk i nærleiken av den vil vere veldig skadeleg for utleigenæringa. Turistane vel Langesjø Hyttegrend for å feriere på ein roleg stad i flott natur, ikkje for å bli forstyrra av helikoptertrafikk fleire gongar i døgnet. Landingsplassane vil derfor få direkte konsekvens for utleiga ved Langesjø Hyttegrend og dermed vere veldig skadeleg for drifta av hyttegrenda.

Landingsplassen nord for Fjellevatnet ligg innanfor eit område med beitedyr i sommarhalvåret. Ein landingsplass her vil vere veldig forstyrrende for desse dyra.

Landingsplassane nord for Dalsetvatnet og nord for Myklebustsetra ligg i kjerneområdet til seterdrifta vår. På desse plassane har mjølkekyrne dagleie, og landingsplassane vil ha store negative konsekvensar for den aktive seterdrifta på Myklebustsetra.

I tillegg til dei ovanneemde negative konsekvensane, vil samtlige landingsplassar i Myklebustdalen vere negative for hjortejakta. Vi har dei siste åra jobba med å etablere utleigejakt som tilleggsnæring, og hjortejakt er no den viktigaste utmarksnæringa vår. Helikoptertrafikk gjennom fem jakthaugar vil vere ei katastrofe for denne næringa.

Vi registrerer elles at det blir forskottert bruk av våre areal til potensielle landingsplassar utan at vi som grunneigarar er blitt kontakta om dette. Flesteparten av dei omsøkte landingsplassane har vi opparbeidd til velteplassar for bruk under tømmerdrift og vedhogst, og dei er planlagt brukte til dette formålet også i dei komande åra.

Helikoptertrafikk i samband med dei omsøkte landingsplassane har ikkje vore med i konsekvensutgreiningane som har vore gjort for 420 kV-linja. Vi meiner derfor at landingsplassane må konsekvensutgreiast og søkjast konsesjon for. Vi er sterkt imot at det blir gjeve dispensasjon for kravet om konsesjon for denne aktiviteten.

Med helsing

Myklebust grunneigarlag
v/Asbjørn Myklebust

Sekom Postmottak

SM 4-14

Fra: Førde Terje <Terje.Forde@kryssrevisjon.no>
Sendt: 3. januar 2014 11:10
Til: Sekom postmottak
Kopi: kvf@bremanger.kommune.no; Tom Joensen (Tom.Joensen@bremanger.kommune.no); 'rh@bremanger.kommune.no' (rh@bremanger.kommune.no); Trine Vokuhl
Emne: Tilskotsmidlar trekt tilbake 1438 Bremanger kommune
Vedlegg: Fylkeskomm - Brev 011113 tilbaketreking tilskotsmidlar.pdf

Hei.

Bremanger kommune fekk i 2009, etter søknad, tildelt inntil kr. 478.000,- i tilskotsmidlar til prosjektet opprustning og utvikling av Svelgen sentrum.

Tilsagnet vart gjeve 18.06.2009 og hadde ei varigheit på tre år. I brev 01.11.13 frå tilskotsformidlar, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, går det fram at tilsagnet og tilskotsmidlane er trekt attende; dette pga at midlane ikkje er brukt ved at det omsøkte tiltaket ikkje er gjennomført.

Det er registrert at det er utbetalt og inntektsført kr. 8.000,- av tilsagnet, og Sogn og Fjordane Fylkeskommune har i brev av 01.11.13 opplyst at desse midlane ikkje vil bli kravd attendebetalt. Kommunerevisjonen registerer dette og tek informasjonen frå Fylkeskommunen til etterretning.

Etter vår oppfatning kan vårt tilsynsansvar og særattestasjonsoppgåver i høve denne saka avsluttast og stillast i bero. Slik vi vurderer saka no er det ingen grunn for oss, frå revisjonen si side, å nemne denne saka i våre avsluttande samandrag/konklusjonar eller i beretninga for 2013.

Vi legg ved dokumenta til orientering, om det av interesse for kommunen sitt Kontrollutval. Saka vert avslutta frå vår side.

Mvh
KRYSS Revisjon
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Mobil: 99 22 92 27
E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Bremanger kommune
Postboks 104

6721 Svelgen

Plan- og samfunnsavdelinga

Sakshandsamar:
Øyvind Nondal
E-post: Oyvind.Nondal@sfj.no
Tlf.: 57656205

Vår ref.
Sak nr.: 13/220-77
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
35726/13

Dykkar ref.
Espen Frøysland

Dato
LEIKANGER, 01.11.2013

Tilbaketrekking av tilskot til andre byggetrinn av nye Svelgen sentrum

Det vart i sak 09/105-41 gitt tilsegn på tilskot til tettstadutvikling til prosjektet opprusting og utvikling av Svelgen sentrum, delprosjekt mellom Svelgen Hotell og Coop. Tilskotet var på 478 000 kr. I sak 13/220-1 datert 9. januar 2013 vart det underretta om at tilsegn på tilskot gjeld i tre år med oppmoding om å melde attende dersom ein sit på forelda tilskot.

De opplyser i ny søknad datert 31. januar 2013, sak 13/220-34 at prosjektet ikkje vert noko av. De skriv:

«Delprosjekt to har vi måttet legge til sides (glassbygg mellom Coop og Svelgen Hotell) pga uenighet om drifting av det ferdige anlegget. Her vil Bremanger kommune gjerne få koma tilbake på eit seinare tidspunkt for om mogleg å realisera tiltaket.»

Tilsegnet blir difor trekt tilbake.

Vilkår for utbetaling gjer greie for at tidlegare utbetalt tilskot kan bli kravd tilbakebetalt. I fylgje vår oversikt er det betalt ut 8 000 kr. Vi vil ikkje krevje dette tilbakebetalt.

De er velkomne til å søkje om tettstadmidlar i 2014.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Øyvind Nondal
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Vedlegg

Tilsagn etter søknad på tettstadmidlar 2009.



Sakshandsamar:
Mona Steinsland
E-post: mona.steinsland@sfj.no
Tlf: 57 65 62 42

Vår ref.
Sak nr.: 09/105-41
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
15377/09

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 18.06.2009

«f1»
«f3»
«f4»
«f5» «f6»

Tilsagn etter søknad på tettstadmidlar - 2009

Hovudutvalet for plan og næring gjorde i møte den 16.06 følgjande vedtak i SAK 09/105
Tildeling av tettstadmidlar – 2009:

Avsette midlar (5,1 mill) til tettstadforming vert tildelt slik:

- 1 Stryn kommune – fullføring av miljø –og trafikkmessig opprusting av Utvik sentrum. Fullføring av torgarealet og ”tunområdet” langs den ”gamle” fylkesvegen mot Moldreim, kr. 200.000.
- 2 Hornindal kommune – vidareutvikle eksisterande stadanalyse for Grodås sentrum, kr. 80.000.
- 3 Bremanger kommune – opprusting og utvikling av Svelgen sentrum, delprosjekt mellom Svelgen Hotell og Coop, kr. 478.000.
- 4 Førde kommune – opprusting og tilrettelegging av byparken, kr. 500.000.
- 5 Luster kommune – stadanalyse Gaupne, kr. 200.000.
- 6 Sogndal kommune – opparbeiding av sentrumsparken i Sogndal, kr. 1.142.000.
- 7 Leikanger kommune – opprusting og utbetring av sentrumsnære areal i Leikanger – uteplassen mellom riksvegen, Henjælvi, og Fleirbrukshallen så langt den strekker seg mot nord, kr. 800.000.
- 8 Balestrand kommune – opparbeiding av gangveg i – og til parken i sentrum, kr. 200.000.
- 9 Vik kommune – ”Vikøyri strandpark” – utvikle strandsona på Vikøyri, kr. 500.000.
- 10 Gulen kommune – Utvikling av Eivindvik sentrum – næringsområdet med butikk, ekspedisjonskai og hotellet – oppgradering av sjøfronten og gjere denne tilgjengeleg for ålmenta, kr 1.000.000.



Når det gjeld vurdering av søknadane viser vi til saksframstillinga på fylkeskommunen si heimeside (www.sjf.no) på plan og samfunn.

Vilkår for utbetaling

1. Arbeidet må ikkje setjast i gang før finansieringa er ordna. Endeleg finansieringsplan må ligge ved oppmoding om utbetaling.
2. Inntil 75 % av tilskotet kan bli utbetalt når tiltaket/prosjektet er starta opp og fullfinansiering er stadfesta.
3. Slutt-utbetalinga skjer etter at tiltaket/prosjektet er avslutta med sluttrapport og revidert rekneskap. Alle vilkåra i tilsegna må vere oppfylte.
4. Mottakar pliktar sjølv å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt.
5. For mykje utbetalt tilskot skal tilbakebetalast utan opphøyr når det blir gjort krav om dette.
6. Midlane skal nyttast i samsvar med framlagde planar og arbeidet må gjennomførast i samsvar med desse. Tilsegna vil kunne bortfalle heilt eller delvis dersom planane som ligg til grunn for tilsegna vert endra utan samtykkje. Utbetalt tilskot kan då bli kravd tilbakebetalt.
7. Tilsegna fell bort dersom vi ikkje har motteke oppmoding om første utbetaling innan 6 månader, jfr frist i tilsegnsbrevet.
8. Det skal førast spesifisert rekneskap for tiltaket/prosjektet. Rekneskapen skal setjast opp slik at den kan jamførast med kostnadsoverslaget som ligg til grunn for tilsegna. Dersom arbeidet ikkje vert utførte i planlagt omfang eller til kalkulert kostnad, vil tilskotet verte tilsvarande avkorta.
9. Fylkeskommunen set som vilkår for tilsegna at tilsegnsmottakar rapporterer til regionalavdelinga. Sluttrapport skal leverast innan 1 månad etter at tiltaket/prosjektet er avslutta.
10. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal til ei kvar tid ha høve til å kontrollere at tilskotet vert nytta etter føresctnadene, jf. Stortinget sitt bevilgningsreglement § 17 og Riksrevisjonen sin kontrolladgang.
11. For opparbeidingstiltak er det frå 2007 gjort gjeldande etiske krav til produksjon av gatestein o.l. Saman med oppmoding om utbetaling, skal det difor følgje garanti frå leverandør/importør om at det ikkje er nytta barnearbeid i framstilling av produkta.

Tidsramme for tilskotet

Tilsegnet gjeld i 3 år frå tilsegndato. Dersom tiltaket/prosjektet ikkje er avslutta innan 3 år frå tilsegnsdato, fell tilsegna bort.

Oppmoding om utbetaling

Oppmoding om utbetaling av tilskotet må sendast Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/regionalavdelinga, Askedalen 2 6863 Leikanger innan 18. desember 2009

Ved oppmoding om utbetaling skal det opplysast om organisasjons- og postgiro-/bankkontonummer.

Eventuelle spørsmål i tilknytning til dette brevet kan rettast til undertteikna.

Med helsing

Trond Sundby
Fagkoordinator

Mona Steinsland
rådgjevar

Mottakar (ar)

Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN
Gulen kommune 5966 EIVINDVIK
Luster kommune 6868 GAUPNE
Sogndal kommune Postboks 153 6851 SOGNDAL
Leikanger kommune 6863 LEIKANGER
Hornindal kommune Postboks 24 6761 HORNINDAL
Førde kommune postboks 338 6802 FØRDE
Bremanger kommune Postboks 104 6721 SVELGEN
Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN
Balestrand kommune Rådhuset 6899 BALESTRAND

Kopi til:

Kristin Arnestad, her

SM 5-14



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport frå tilsyn med tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogram

i

Bremanger kommune

Adressa til verksemda: Postboks 104, 6721 Svelgen
Tidsrom for tilsynet: 10.06.2013 – 02.12.2013
Kontaktperson i verksemda: NAV-leiar Anita Steinset

Samandrag

Denne rapporten gjer greie for avviket som blei avdekt innanfor revisjonsområdet. Systemrevisjonen gjaldt følgjande: om kommunen sikrar at tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogram blir gjort i samsvar med lov- og forskriftskrav.

Tilsynet undersøkte om kommunen gjennom systematiske styringstiltak (internkontroll) sikrar at tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogram blir gjort på ein forsvarleg måte. Forsvarleg tildeling og gjennomføring fører til at personar som har rett til kvalifiseringsprogram får ei forsvarleg teneste.

Fylkesmannen avdekte eitt avvik under systemrevisjonen i Bremanger kommune. Det blei ikkje gitt merknad.

Avvik:

Bremanger kommune sikrar ikkje forsvarleg kartlegging, vurdering, avgjerd og gjennomføring av kvalifiseringsprogram.

Dato:
02.12.2013

Elisabeth Lund-Iversen
revisjonsleiar

Kari Vold Olsen
revisor

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

*Rapport – Bremanger kommune
02.12.2013*

Innhald

Samandrag	1
1. Innleiing.....	3
2. Omtale av kommunen	3
3. Gjennomføring.....	3
4. Kva tilsynet omfatta	4
5. Funn.....	4
6. Regelverk	5
7. Dokumentunderlag.....	6
8. Deltakarar ved tilsynet	7

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon i Bremanger kommune i perioden 10.06.2013 – 02.12.2013. Revisjonen er ein del av den planlagde tilsynsverksemda hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2013.

Fylkesmannen har heimel til å føre tilsyn med sosiale tenester i NAV etter lov om sosiale tenester i NAV § 9.

Føremålet med systemrevisjonen er å vurdere om kommunen tek hand om ulike krav i lovgjevinga gjennom internkontroll. Revisjonen omfatta å undersøke:

- kva tiltak verksemda har for å avdekke, rette opp og førebygge brot på lovgjevinga innanfor dei tema tilsynet omfattar
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigererte
- om tiltaka er gode nok til å sikre at lovgjevinga blir følgd

Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten gjer greie for avviket som er avdekt under revisjonen og gir ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** dreier seg om at krav som er gitt i eller i medhald lov eller forskrift, ikkje er oppfylte.
- **Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav som er gitt i eller i medhald av lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finn grunn til å peike på potensiale for betring.

2. Omtale av kommunen

Bremanger kommune hadde 3938 innbyggjarar pr. 01.04.2013. Administrasjonssenteret ligg i Svelgen, der og NAV-kontoret er lokalisert. Industri er ein viktig næringsveg i kommunen.

NAV-kontoret har åtte tilsette, i tillegg til leiar og nestleiar, og NAV-leiar rapporterer direkte til rådmannen. I tillegg til dei statlege og kommunale oppgåvene som er lagt til NAV-kontora, gir kontoret også tenester innan startlån, busetjing av flyktningar og på rusfeltet.

Alle dei åtte tilsette arbeider noko i mottaket og informerer der om kvalifiseringsprogram når dette er aktuelt. Dei som arbeider med oppfølging av langtidsmottakarar av økonomisk stønad er ansvarlege for å ta opp til diskusjon i kontoret om desse personane kan vere aktuelle for å søkje om kvalifiseringsprogram. To tilsette i NAV-kontoret er tildelt arbeidsoppgåver med å behandle søknader om kvalifiseringsprogram og å følgje opp deltakarar i programmet.

Kontoret har ikkje motteke søknader om kvalifiseringsprogram i 2013 fram til tidspunktet for tilsynsbesøket, og hadde på tilsynstidspunktet fire personar som er innvilga tenesta.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel: sendt 10.06.2013.

Oversikt over dokument som kommunen har sendt over i samband med tilsynet, og dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

Opningsmøte: 15.10.2013.

Intervju: 7 personar blei intervjuet.

Sluttmøte: 16.10.2013.

4. Kva tilsynet omfatta

Kommunen er pålagt å føre internkontroll med tenesta kvalifiseringsprogram. Føremålet med tilsynet var å undersøke om kommunen gjennom styringstiltak sikrar at tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogram skjer i samsvar med lov- og forskriftskrav slik at det blir gitt forsvarlege tenester til dei som har rett til kvalifiseringsprogram.

Tilsynet hadde som føremål å undersøke om kommunen sikrar at kvalifiseringsprogrammet er tilgjengeleg for potensielle deltakarar, om det blir gjort forsvarlege identifiseringsprosessar og om det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om retten til kvalifiseringsprogram. Vidare undersøkte vi om kommunen sikrar at kartleggings-, vurderings- og avgjerdsprosessane ved behandling av søknader om kvalifiseringsprogram er forsvarlege.

Føremålet var også å undersøke om kommunen sikrar forsvarleg gjennomføring av kvalifiseringsprogram ved å sikre at tidsfrist for iverksetting av program blir haldne. Vidare undersøkte vi om innhald og omfang av kvalifiseringsprogramma er forsvarleg. I dette ligg det at programma blir individuelt tilpassa ved at den enkelte sine behov og føresetnader blir teke omsyn til og at programma inneheld arbeidsretta tiltak, arbeidssøking og eventuelt andre tiltak som kan vere med på å førebu og støtte opp under overgang til arbeid. Vidare undersøkte vi om kommunen sikrar forsvarleg oppfølging av deltakarar i kvalifiseringsprogram.

5. Funn

Avvik: *Bremanger kommune sikrar ikkje forsvarleg kartlegging, vurdering, avgjerd og gjennomføring av kvalifiseringsprogram.*

Avvik frå følgjande krav: sosialtenestelova §§ 4, 5, 29, 30, 31 og 43, forskrift om kvalifiseringsprogram- og stønad § 1, forvaltningslova §§ 17 og 24 og internkontrollforskrifta §§ 4 og 5.

Avviket byggjer på følgjande:

- a) Kommunen har fire deltakarar i kvalifiseringsprogrammet på tilsynstidspunktet. Dokumentet «Arbeidsevnevurdering» ligg i mappene til alle desse deltakarane.
 - I dei fire mappene ligg det arbeidsevnevurderingar som inneheld faktaopplysningar, men ikkje vurderingar av arbeidsevne.
 - I ei av mappene er konklusjonen på arbeidsevnevurderinga «situasjonsbestemt innsats».
 - I tre av mappene er arbeidsevnevurderinga datert etter at vedtaket om kvalifiseringsprogrammet er fatta.

- b) Mappegjennomgangen viste at to av dei fire deltakarane i kvalifiseringsprogrammet ikkje hadde eit program på tilsynstidspunktet. Dei to som hadde program, hadde ikkje eit program på fulltid, og tidspunkt for evaluering går ikkje fram av programma.

Arbeidssøking er ikkje del av programma. I den eine saka var det berre éin aktør som medverka i programmet.

- c) Mappегjennomgangen viste at det i nokre tilfelle var opp til eit halvt år mellom kvar dokumenterte samtale med deltakaren i kvalifiseringsprogrammet. Det er ikkje dokumentert at hyppigheita i oppfølgingssamtalane har grunnlag i behovet til den enkelte deltakar.
- d) I intervjuet kom det fram at ikkje alle oppfølgingssamtalar, vurderingar og evalueringar blir dokumentert.
- e) Det vart i november 2010 utarbeida saksbehandlingsrutine for kvalifiseringsprogrammet. Rutinen vart endra i august 2013. Mappегjennomgangen viste at rutinen ikkje er følgt i dei fire aktive sakene med kvalifiseringsprogram. Det går ikkje fram av dokument eller intervju kven som skal følgje med på at rutinen blir følgt, og kven som er ansvarleg for å setje i verk korrigerande tiltak. Det er ikkje sett i verk korrigerande tiltak.
- f) Ansvar for gjennomføring av arbeidsevnevurdering og oppfølging av deltakarar i kvalifiseringsprogrammet ligg til den einskilde tilsette. Leiinga har ikkje sett i verk tiltak for å følgje med på om arbeidsevnevurderingane blir gjort på ein forsvarleg måte, om deltakarane får tett oppfølging og om program blir evaluert i samsvar med lovkrav.
- g) NAV-kontoret har gjennomført ROS-analyse av arbeidet med kvalifiseringsprogrammet i september 2013. Gjennom intervju gjekk det fram at NAV-kontoret har evaluert og avdekket områder med fare for svikt. Det går ikkje fram av referatet etter ROS-analysen eller intervju at det er sett i verk korrigerande tiltak eller korleis leiinga skal følgje opp områda med fare for svikt.
- h) Det er etablert eit avvikssystem og NAV-kontoret har skjema for å melde avvik. Det er likevel ikkje meldt avvik som gjeld tenesta kvalifiseringsprogrammet. Det gjekk fram av intervju at dei tilsette ikkje har ei felles forståing av kva som kan/skal meldast som avvik på dette området.
- i) Mappегjennomgangen viste at tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogrammet ikkje alltid skjer i samsvar med regelverket. Kommunen har ikkje avdekket dette gjennom eigen internkontroll eller korrigert manglane.

6. Regelverk

- LOV 2009-12-18-131: Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen
- LOV 1967-02-10: Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker med forskrift til forvaltningsloven
- FOR-2010-11-19-1463: Forskrift om internkontroll i arbeids- og velferdsforvaltningen
- FOR-2011-12-21-1471: Forskrift om kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad
- Hovedrundskriv nr 35 av 22.06.2012: lov om sosiale tjenester i NAV – Arbeids- og velferdsdirektoratet

7. Dokumentunderlag

Fylkesmannen har mottatte følgjande dokumentasjon frå kommunen:

- Organisasjonskart Bremanger kommune pr. 21.11.2011
- Organisasjonskart for NAV Bremanger
- Skildring av NAV Bremanger
- Oversikt over brukargrupper og saksmengder
- Måloppnåing og oversyn over tilsette
- Arbeidsfordeling pr. 28.01.2013
- Arbeidsområder med tilhøyrande oppgåver / oppgåver i mottak / oppgåver for alle
- Verksemdsplan for NAV Bremanger 2013
- Årsplan 2013 NAV Bremanger
- Verksemdsplan 2012 for NAV Bremanger
- Samarbeidsavtale mellom Bremanger kommune og Arbeids- og velferdsetaten i Sogn og Fjordane
- Møtereferat frå møte mellom tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Bremanger kommune
- Rutine for samarbeid mellom Fylkeskommunen og NAV rundt elevar i vidaregåande skule med behov for oppfølging
- Tilretteleggingsgaranti – garanti for tilrettelegging og oppfølging i arbeid
- Oppfølgingsplan – Tilretteleggingsgaranti
- Rutinar for samhandling mellom NAV og Arbeidsmarknads-/Vekstbedriftene frå 17.03.2011
- Avtale om drift og forvaltning av eigedom mellom NAV Sogn og Fjordane og Bremanger kommune
- Møtestruktur NAV Bremanger
- Delegasjonsreglement for Bremanger kommune
- Kompetanseplan for tilsette ved NAV Bremanger som arbeider med kvalifiseringsprogrammet
- Kompetanseplanar for åtte tilsette
- Beskriving av aktivitet på kvp-området i 2012 og 2013
- Risiko- og sårbarheitsanalyse KVP utarbeida 02.09.2013
- Referat frå risiko- og sårbarheitsanalyse KVP 2013
- Brukarundersøking NAV Sogn og Fjordane haust 2011
- Brukarundersøking NAV Sogn og Fjordane vår 2010
- Prosedyre for handtering av vald og truslar
- Handlingsplan – truslar og vald mot tilsette i Bremanger kommune
- Avviksrutine KVP utarbeida 02.09.2013, inkludert skjema for avviksmelding
- Krav til sakshandsaminga Lost §§ 8-1 – 8-5a
- Sakshandsaming søknader om sosialhjelp – klagebehandling
- Skjematisk framstilling av saksgangen i saker etter sosialtenestelova – sakshandsamingsmal
- Framlegg til «sakshandsamingsmal» ved handsaming av sosialsaker
- Kartleggingsskjema – Bremanger kommune, sist endra 13.08.2013
- Saksbehandlingsrutine KVP, endra 23.08.2013
- Saksbehandlingsrutine KVP – identifisere aktuelle kandidater for KVP, endra 23.08.2013
- Rutinar i kvalifiseringsprogrammet (KVP) 2
- Prosedyre for sikring av heilskaplege, langvarige og koordinerte tenester, for organisering av koordinerande eining og for utarbeiding av individuell plan og oppnemning av koordinator. Sist revidert 19.06.2012.
- Felles metodikk for avklaring av arbeidsevne i NAV, 27.11.2007

- Trend i tiltaksgjennomføringa
- Prosedyre for introduksjon av nyttilsette
- Prosedyre for fadderskap
- Målekort NAV Bremanger juli 2013
- NAV Bremanger – kontormøter
- Brukerveiledning Arena – plantypen kvalifiseringsprogram
- Skisse kvalifiseringsprogram frå sosial- og helsedirektoratet
- Tipshefte: Elementer/tiltak – individuelt tilpasset kvalifiseringsprogram

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- 4 mapper til personar som er innvilga kvalifiseringsprogram
- 7 mapper til personar som har hatt økonomisk stønad som einaste inntekt i fire månader eller meir
- 5 mapper til personar med avslutta kvalifiseringsprogram

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- Revisjonsvarsel sendt 10.06.2013
- Dokumentasjon frå kommunen motteke 10.09.2013
- Program for tilsynet sendt 16.09.2013
- E-postar med avklaringar knytt til tilsynet
- Førebels rapport sendt 25.10.2013
- Endeleg rapport sendt 02.12.2013

8. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen gir oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjua.

Namn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Tom Joensen	rådmann	x	x	
Anita Steinset	NAV-leiar	x	x	x
Lise Holm	rådgjevar	x	x	x
Monica Pedersen	rådgjevar	x	x	x
Kjellrun Ripe	rådgjevar	x	x	
Randi Midthjell	sosionom	x	x	x
Elizabeth Notø	rådgjevar	x	x	x
Anita L. Grotle	rådgjevar	x		x
Marianne Weckhorst	rådgjevar			x

Frå tilsynsorganet deltok:

Rådgjevar Elisabeth Lund-Iversen
 Rådgjevar Kari Vold Olsen
 Rådgjevar Brit Sundgot
 Rådgjevar Tom Nesvåg

Kopi: Kontrollutvalet i Brem.

SM 6-14

Førde Terje

Fra: Førde Terje
Sendt: 16. desember 2013 15:23
Til: 'Inger Hilde'; Tom Joensen (Tom.Joensen@bremanger.kommune.no); post@bremanger.kommune.no
Kopi: 'rh@bremanger.kommune.no' (rh@bremanger.kommune.no); post@sekom.no; Trine Vokuhl
Emne: Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar - Aksjon skuleveg 2013 - tildeling og prosjektrapportering/ferdigmelding - Bremanger kommune 2013
Vedlegg: Revisjonsuttale, brev 161213, trafikktryggingstiltaksmidlar.pdf; Revisjonsuttale, brev 161213, trafikktrmidlar, m vedl sluttrapport 131213.pdf; Statens Vegvesen, tilsagnsbrev 180213.pdf

Saksh.ansv.	Arkiv
Off. etter	

13 DES 2013
1596/13

Hei.
Vedlagt følger vår revisjonsuttale til sluttrapport/ferdigmelding vedr tilskotsmidlar frå trafikktryggingsmidlane, Aksjon Skuleveg 2013, Statens Vegvesen.

Vi har stila brevet/uttalen vår til Rådmannen, og De må sjølve bringe dette vidare der De ber om å få utbetalt tilskotsmidlane på kr. 150.000,-;
Jfr. Dykkar brev 131213.

Mottekne scanna bilag, og dokumentasjon forøvrig er lagra elektronisk hos oss i vårt arkiv.
Vi sender likevel med signert brev, tilsagnsbrevet og vår uttale i scanna form samla her, for heilskapen si skulde.

Vi takkar for samarbeidet kring denne særattestasjonen og håper det ikkje skal by på problemer å få ut tilskotsmidlane rimeleg raskt.

Merk:
Dersom De rapporterer prosjektrekneskapane til kommunen sitt Kontrollutval, med eigen (-ne) prosjektrekneskap og sluttrapport, utover det som følger med i denne saka her, ønskjer vi kopi av det materialet til vårt arkiv. Vår uttale bør følgje med den saka til Kontrollutvalet.
X Vi gjer merksam på, og har skrive det i brevet også, at Kontrollutvalet har fått kopi av vår uttale.

Dette til oreintering.

Ha fortsatt Ein God Dag !!!

Mvh
KRYSS Revisjon
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Mobil: 99 22 92 27
E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no



Bremanger kommune
v/Rådmannen

6723 SVELGEN

Dykkar ref.:
12/2571-9/k2-Q80/IH

Vår ref.:
//prosjrek/trafikktrygg-
Ingstiltak, revuttale161213

Arkivkode:
212Q80

Journalnr.:
056 / 2013

Dokumentdato:
16. des. 2013

REVISJONSUTTALE – PROSJEKTRKESKAP/FERDIGMELDING TRAFIKK- TRYGGINGSTILTAK , AKSJON SKULEVEG 2013 1438 BREMANGER KOMMUNE

Rekneskapen for ovannemnde prosjekt, Trafikktryggingstiltak, Aksjon skulevegen 2013, «Elvavegen, Fv 614» og «Hente-bringesituasjon Kolset skule/barnehage», har vore førelagt kommunerevisjonen i Bremanger kommune for gjennomsyn, kontroll og uttale.. Prosjekta er ferdigrapporterte samla.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som samsvarar med «ISRS 4400 – Avtala kontrollhandlingar», og desse er opplista nedanfor. Handlingane er utført for å bistå Bremanger kommune og Statens Vegvesen i vurderinga av riktigheita av økonomien i dei to nemnde prosjekt; - jfr. tilsagnsbrev av 18.02.13 frå Statens Vegvesen, referanse 2012/138420-032.

Vi vil oppsummere vårt arbeid slik:

Det ligg føre skriv av 13.12.13 frå Bremanger kommune til Statens Vegvesen, Region Vest, der sum kostnader for dei to tiltaka går fram. I sum utgjer dette kr. 453.563,-, inkl. 25 % mva med kr. 90.712,50. Prosjekta er i tilsagnsbrevet tilstått tilskot frå trafikktryggingstiltaksmidlar med i alt kr. 150.000,-; jfr. tilsagnsbrev, d. 18.02.2013. Tilskotsmidlane er pr. dato *ikkje* overført/utbetalte til kommunen.

Vi stadfester med dette at vi bl.a. har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- Om prosjektrekneskapa er rapportert og underskriven av kommunen
- Beskrivinga av at prosjektet samsvarar med politiske vedtak og budsjettføresetnader

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Kari Sygna, 57612789, mobil: 97981322
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

- Utgifter og inntekter som er bokført på prosjekta vedkjem prosjektet og har 'tilhørigheit' til desse
- At det er korrekt handsaming av regelverket kring moms og momskompensasjonsordningane (to adskilte regelregimer)
- At prosjektrekneskapen er konsistent med taldelen i den offisielle årsrekneskap for Bremanger kommune, som prosjektrekneskapane byggjer på
- At rekneskapsrapporteringane er i samsvar med Bremanger kommune sine vedtak; og politiske føresetnader; - jfr. det som er nemnt i skriv av 13.12.13 frå teknisk seksjon i kommunen til Statens Vegvesen

Vi har ingen merknader til den sluttrapportering og ferdigmelding som ligg føre frå kommunen si side. Vi vil såleis ikkje ha merknader til at tilskotsmidlar blir overført/utbetalte til Bremanger kommune, slik det er bede om i brev av 13.12.13 frå kommunen til Statens Vegvesen, Region Vest.

Kopi av dette skriv vert å legge ved sluttrapporteringa overfor Statens Vegvesen, og kopi er også oversendt kommunen sitt Kontrollutval til orientering.

Våre handlingar mot nemnde prosjektrekneskap vil kunne bli innstilt frå vår side når endelege sluttrapporteringar er førelagt politiske styringsorgan i kommunen og vedtak kring desse prosjekta er effektuert og bokført av rådmannen/økonomiavdelinga i Bremanger kommune.

Florø, den 16. desember 2013

Kommunerevisjonen
 Ytre Sogn og Sunnfjord
 7040/7047, 6801 Førde
 Terje Førde
 Dagleg leiari/Revisjonssjef
 Dagleg leiari/Revisjonssjef
KRYSS REVISJON
 KOMMUNEREVISJONEN I
 YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Kopi: Kontrollutvalet i Bremanger ✓

VEDLEGG:

Ferdigmelding/sluttrapport 13.12.13

Tilsagnsbrev av 18.02.13

E-post 13.12.13 og e-post 16.12.13

Ikkje vedlagt: Rekneskapsbilag 2013



BREMANGER KOMMUNE

TEKNISK

Statens vegvesen region vest
v Helge Sjur Eggum
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Vår ref.
12/2571-9/K2-Q80//IH

Dykkar ref.

Dato:
13.12.2013

Ferdigmelding av trafikktryggingstiltak i kommunane, 2013, etter utsett frist til den 15.12.13

Vi viser til dykkar ref 2012/138420-060, og til vår ferdigmelding av tiltaket «Elvavegen, Fv 614, detaljprosjektering». No er også tiltaket «Hente-bringesituasjon Kolset skule/barnehage» ferdigstilt. Det kom på kr 230.650,- eksklusive mva. Sjå vedlagde oversyn. Vi ettersender rekneskapen når denne er godkjend av revisor.

Arbeid/kostnadsberar	sum utan mva	25% mva	sum inkl mva
Ivestconsult AS	Kr 132.200,-	Kr 33.050,-	Kr 165.250,-
Brødrene Mundal AS	Kr 230.650,-	Kr 57.662,50	Kr 288.313,-
SUM	Kr 362.850,-	Kr 90.712,50	Kr 453.563,-

Vi fekk tilsegn på kr 150.000,- av dei fylkeskommunale trafikktryggingmidlane for 2013 til tiltaka. Vi bed med dette om at midlane vert overførte til vårt kontonummer 3776 07 50035. Organisasjonsnummeret til Bremanger kommune er 95 93 18 166.

Med helsing

Inger Hilde
arealplanleggjar

vedlegg fakturaer frå Brødrene Mundal AS og Ivestconsult AS

Kontoradresse:
Rådhuset
6721 SVELGEN

Postadresse:
Postboks 104
6721 SVELGEN

Telefon / telefaks:
91694136
57 79 63 01

E-post / web:
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:
3776.07.50035

Førde Terje

Fra: KOMMUNEREVISJONEN Inger Hilde <Inger.Hilde@bremanger.kommune.no>
Sendt: Ytre Sogn og Sunnfjord 16. desember 2013 09:05
Til: Førde Terje
Kopi: Tom Joensen; Karl Vidar Førde; Trine Vokuhl
Emne: SV: Ferdigmelding av trafikktryggjingtiltak i kommunane, 2013, etter utsett frist til den 15.12.13

Dato: 16.12.2013 **Om:**
Sak nr. 055/2013 **Regnr:**
Arkiv:
Avd.kode: 1438
Sakshandsamar: T.A.

Heil Orsak, her har eg ikkje presisert godt nok. Det hastar ikkje. Fristen den 15. var vår frist for å ferdigmelde til Vegvesenet. Det har vi gjort. Godkjend rekneskap ettersender vi – står forresten i oversendingsbrevet. Ta den tida de treng!

Fra: Førde Terje [mailto:Terje.Forde@kryssrevisjon.no]
Sendt: 13. desember 2013 15:36
Til: Inger Hilde
Kopi: Tom Joensen; Karl Vidar Førde; Trine Vokuhl (ekstern)
Emne: SV: Ferdigmelding av trafikktryggjingtiltak i kommunane, 2013, etter utsett frist til den 15.12.13

Hei.

Vi bekrefter mottak av dokumentasjon kring dette tiltaket/rapporteringsprosjektet; motteke her pr. e-post 13.12.13, kl. 15:15.

Ser at rapporteringsfristen er blitt utsett/forlenga til 15.12.13 ! Og vi er ikkje i stand til å kunne ta dette i helga ! Håper De har forståing for det.

Vi skal prøve å få sjå på dette mandag 16.12.13, og håper det er tilstrekkeleg.

Vi vill forøvrig bemerke at det er lovleg seint å sende denne type særattestasjonsoppgåver til oss, men så knapp frist som det går fram her.

Vi skal tross alt gjere ein del revisjonsarbeid før vi kan stadfeste økonomien og kome med ein særuttale slik revisjonsstandene stiller krav om.

Vi ville ha sett pris på å bli underretta på eit tidlegare stadie, slik at vi kunne ha fått dette inn i ein 'travel kalender', men vi skal prøve å ferdigstille dette mandag f.k.

GOD HELG !!!

Mvh

KRYSS Revisjon

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobil: 99 22 92 27

E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no



Fra: Inger Hilde [mailto:Inger.Hilde@bremanger.kommune.no]

Sendt: 13. desember 2013 15:11

Førde Terje

Fra: Inger Hilde <Inger.Hilde@bremanger.kommune.no>
Sendt: 13. desember 2013 15:11
Til: Kryssrevisjon
Emne: Ferdigmelding av trafikktryggjingtiltak i kommunane, 2013, etter utsett frist til den 15.12.13
Vedlegg: Fylkeskommunale trafikktryggjingsmidlar - ASV-midlar 2013 - orientering.doc; Faktura Brd. Mundal AS.pdf; Ferdigmelding 2013, signert.pdf; Fortau Elvavegen, fakturaer.pdf

Hei! Sjå vedlagde dokument. Vi har i dag, etter utsett frist frå Vegvesenet, ferdigmeldt to prosjekt der vi har fått tilskot av fylkeskommunale trafikktryggjingsmidlar for 2013. Vi bed om dykkar revisjon av rekneskapen, som framgår av eit oppsett i vårt brev til Vegvesenet.

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Dato: 13.12.2013 Off:
Sak nr. 054/2013 Regar:
Arkiv:
Avd.kode: 1438
Sakshandsamar: T.F.



Statens vegvesen

Kommunar med søknad om ASV-midlar 2013
(adresseliste)

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Helge Sjur Eggum - 57655734

Vår referanse:
2012/138420-032

Dykkar referanse:

Vår dato:
18.02.2013

Fylkeskommunale trafikktryggingmidlar - Aksjon skuleveg 2013 - tildeling

Trafikktryggingutvalet (FTU) gjorde i møte 6. februar 2013, FTU-sak 01/2013, vedtak om fordeling av Fylkeskommunale trafikktryggingmidlar – Aksjon skuleveg 2013.

./ Vedtak, detaljoversikt for tiltak/tildeling, er lagt ved.

Spørsmål i høve tildeling av Aksjon skuleveg-midlar 2013 kan rettast til Statens vegvesen, Vegavdeling Sogn og Fjordane, Plan og forvaltningsseksjon.

Generelle vilkår og krav til planlegging, utføring og vedlikehald av tiltak

Finansiering

Kommunane er sjølve ansvarlege for fullfinansiering av tiltak både på kommunal- og fylkesveg dersom ikkje anna er vedteke.

Krav om godkjenning frå Statens vegvesen

Tiltak langs, eller som vert ført fram til fylkesveg eller riksveg, skal leggjast fram for Statens vegvesen til godkjenning før arbeid med prosjekt vert sett i gang. Føresetnad for å få utbetalt tilskot til slike prosjekt er at dei vert utført i samsvar med Statens vegvesen sine krav.

Utføring av tiltak

Tiltak på fylkesveg/riksveg som kommunen har prioritert skal utførast av kommunen dersom ikkje anna er vedteke

Drift og vedlikehald av tiltak (gangveg, fortau m.m.) langs eller ved fylkesveg/riksveg, er kommunen sitt ansvar dersom ikkje anna er vedteke.

Spørsmål om utføring m.m. kan kommunane retta til Statens vegvesen, Vegavdeling Sogn og Fjordane, Plan og forvaltningsseksjon

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Skrivarvegen 3, Tinghus III
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Fristar

23. august 2013 - kommunane skal innan denne dato gje tilbakemelding om tiltak som har fått tilskot vert gjennomført.

For tiltak som ikkje er starta opp, skal det føreliggja opplysningar om kvifor, samt eventuell tidsplan for utføring.

Dersom det på eit tidlegare tidspunkt vert avgjort at eit tiltak av ulike årsaker ikkje kan gjennomførast, må det gjevast melding snarast.

22. november 2013 – frist for ferdigmelding av Aksjon skuleveg-tiltak 2013.

Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av ferdigmelding frå kommunane om at tiltaket er gjennomført. Rekneskap må liggja ved ferdigmeldinga. Er tilskotet på kroner 100.000,- eller meir, skal rekneskapet vera godkjent av revisor.

Utsetjing av ferdigmelding


Er eit tiltak starta opp, men av spesielle grunnar ikkje kan ferdigmeldast innan fastsett frist, kan det søkjast om utsetjing.

For å få løyve til utsetjing av ferdigmelding må anleggsarbeidet vera starta opp. At planarbeid er i gang, eller at prosjektet er ute på anbod, er ikkje grunnlag for utsetjing.

Ved utsetjing vert tilskotet utbetalt i tildelingsåret, med krav om rapportering med attestert rekneskap når tiltaket er ferdig påfølgjande år. Unytta midlar må returnerast, jfr. KR D si ordning i høve fylkeskommunane når det gjeld 551-midlar.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing


Magna Vangsnes
Seksjonsleiar


Helge Sjur Eggum

fylkeskommunale trafikktryggingmidlar (ASV-midlar) 2013 - detaljoversikt for tiltak / VEDTAK								
Kommune totalsum for tildeling tre siste år	Utbetalt tilskot 2010-2012	Veg status	Tiltak/ prosjekt	Kostnad	Tilskot enkelt tiltak	Tilskot totalt 2013	Eigendel fylke	60% av kostnad
								0
1 Flora	320 000	Kv	Informasjon til barn og ungdom. Kampanje for fjerning av farlege/uoversiktlege kryss, klipp av hekkar betra lys i farlege kryss m.m.	100 000	60 000			60 000
	210 000	Kv	Farshumpar i 30-soner Nyhelmsvegen og Auklandsvegen	120 000	72 000			72 000
680 000	150 000	Kv	Vegløys Brandsøysundet	250 000	150 000			150 000
		Kv/Fv	Etablere og forbetre kollektivhaldeplassar Sørgaardfeltet	362 000	217 000	499 000		217 200
		Kv	Vegrekverk Færøykalven og Øvre Staldalen	180 000				108 000
		Kv	Gang og sykkelveg frå Bjørkum bustadfelt til Rv 5	400 000				240 000
		Kv	Bygging/prosjektering av gang og sykkelveg frå Kinnvegen - Flora barneskule	240 000				144 000
								0
								0
11 Gulen	0	Fv 4	Gang-/sykkelveg langs fylkesveg Byrknes, tillegg + siktutbetring i kryss	300 000	180 000	180 000		180 000
	300 000							
360 000	60 000							0
								0
								0
12 Solund	X	FV606	Rekkverk Hardbakke barnehage	70 650	42 400			42 390
	312 000	Fv 606	Vegløys Solund ungdomsskule - Hardbakke barnehage/idrettshall	154 500	92 700			92 700
540 000	228 000	FV606	Heva gangfelt Hardbakke -barnehage/ -skule/ -idrettshall	58 000	34 800	169 900		34 800
								0
								0
13 Hyllestad	X-X-X		Ingen søknad 2013					0
								0
								0
16 Høyanger	X-X-X		Utarbeiding av kommunedelplan for trafikktryggleik 2014 - 2018	150 000	90 000	90 000		90 000
								0
								0
17 Vik	72 000	Kv	Busskur Tråna	40 500	24 300			24 300
	90 000	Rv 13	Busskur Djuvik	30 500	18 300			18 300
344 000	182 000	Rv 13	Gateløys Gildhus - avkøyrslø Hønsvegen	100 000	60 000	102 600		60 000
								0

VEDTAK:

1 Følgjande kommunar får tildelt midlar til Aksjon skuleveg i 2013:

01 Flora kommune	499 000,-
11 Gulen kommune	180 000,-
12 Solund kommune	169 900,-
16 Høyanger	90 000,-
17 Vik kommune	102 600,-
20 Sogndal kommune	299 000,-
22 Lærdal	81 000,-
24 Årdal kommune	364 500,-
26 Luster kommune	344 000,-
28 Askvoll kommune	192 000,-
29 Fjaler kommune	282 000,-
31 Jølster kommune	150 000,-
32 Førde kommune	480 000,-
33 Naustdal kommune	99 000,-
38 Bremanger kommune	150 000,-
39 Vågsøy kommune	300 000,-
41 Selje kommune	360 000,-
43 Eid kommune	416 000,-
45 Gloppen kommune	156 000,-
49 Stryn kommune	42 000,-
FTU	243 000,-
Sum	5 000 000,-

2 Fylkestrafikktryggingsutvalet stiller følgjande vilkår for tildelinga:

Tiltak som får tildelt fylkeskommunale trafiktryggingsmidlar i 2013, skal ferdigmeldast seinast 22. november 2013. Jfr. pkt. 10 i «Instruks for forvaltning av tilskot til Aksjon skuleveg».

3 Midlar som ikkje er nytta innan fristen, går attende til fylkeskommunen.

nr	Kommune totalsum for tildeling tre siste år	Utbetalt tilskot 2010-2012	Veg status	Tiltak/ prosjekt	Kostnad	Tilskot enkelt tiltak	Tilskot totalt 2013	Eigendel fylke	60% av kostnad
18	Balestrand	X-X-X		Ingen søknad 2013					0
	0								0
									0
									0
19	Leikanger	66 000		Ingen søknad 2013					0
	466 000	400 000							0
		X							0
									0
20	Sogndal	243 000	Kv	Gangvegsystem Leitevegen Nord	220 000	132 000			132 000
	1 454 000	583 000	Kv	Sykkelfelt i Fossvegen	200 000	120 000			120 000
		628 000	Kv	Utbedring av sikt i kryss Trollavegen	50 000	30 000			30 000
			Kv	Trygging av Fjørevegen for mjuke trafikantar	28 250	17 000	299 000		16 950
									0
									0
21	Aurland	X		Ingen søknad 2013					0
	500 000	500 000							0
		X							0
									0
22	Lærdal	190 000	Kv	Bygging av 3 fartsdemparar på komm. veg Skaiffarøyna	45 000	27 000			27 000
	190 000	X	Rv 5	Oppføring av veglys ved Skilbreikryssset	50 000	30 000			30 000
		X	Kv	Oppføring av ledegerde for å hindra bruk av snarveg over friområde	40 000	24 000	81 000		24 000
24	Årdal	0	Kv	Gang-/sykkelveg Elivavegen - Farnes skule	607 500	364 500	364 500		364 500
	943 000	405 000							0
		538 000							0
									0
26	Luster	54 000	Fv 337	Sikutbedring kryss Hafslø	72 072	43 300			43 243
		248 000	Kv	Gatelys Sandvik bustadfelt i Gaupne	193 318	116 000			115 991

nr	Kommune- totalsum for tildeling tre siste år	Utbetalt tilskot 2010-2012	Veg status	Tiltak/ prosjekt	Kostnad	Tilskot enkelt tiltak	Tilskot totalt 2013	Eigendel fylke	60% av kostnad
	562 000	260 000	Fv 604	Veglys Røneid Skarparmo i Gaupne	307 808	184 700	344 000		184 685 0
									0
28	Askvoll	0		Hovudplan for kommunale vegar (inkl. Kommunal trafikktryggingssplan)	80 000	48 000			48 000
	0	X	Fv 609	Gang/sykkelveg over Fv 609 frå Skaret til eksisterande vegnett/					0
		X		gangvegssystem Holmedal	240 000	144 000	192 000		144 000 0
									0
29	Fjaler	108 000	Kv	Veg-/gatebelysning Jarstadbrua - Dale vidaregåande skule	470 000	282 000	282 000		282 000 0
	553 000	X							0
		445 000							0
									0
30	Gaular	X		Ikkje søknad 2013					0
	300 000	X							0
		300 000							0
31	Jølster	180 000	Kv	Kommunal trafikktryggingssplan	100 000	60 000			60 000
		X	Kv	Montering av 60 m rekkverk Øvre Åsen og Årsetbakkane	40 000	24 000			24 000
	240 000	60 000	Kv	Montering av veglys Skei skule og Myklebust 500 m/11 punkt	110 000	66 000	150 000		66 000 0
									0
									0
32	Førde	575 000	Kv	Separering skuleborm/ trafikk	500 000	300 000			300 000
		420 000	Kv	Gatelys Hatlehaugen 20 punkt	600 000				360 000
	995 000		Kv	Gatelys Hundvebakke - Korsavegen 10 punkt	300 000	180 000	480 000		180 000
			Kv	Gatelys ved busstopp Solheimsdalen Fv 609 - Karstad Skule 30 punkt	900 000				540 000 0
									0
33	Naustdal	X	Kv	Gangvegprosjekt - opprusting Horstad - Nyheim	163 750	99 000	99 000		98 250 0
	84 000	84 000							0
	84 000	X							0
									0

nr	Kommune totalsum for tildeling tre siste år	Utført tilskot 2010-2012	Veg status	Tiltak/ prosjekt	Kostnad	Tilskot enkelt tiltak	Tilskot totalt 2013	Eigendel fylke	60% av kostnad
38	Bremanger	59 400	Kv	Hente-/bringesituasjonen ved kolset skule(barnehage, allhus)	140 000	84 000			84 000
		114 000	Fv 614	Fortau langs fylkesvegen Raudekors-bygget til Villabakken	110 000	66 000	150 000		66 000
	263 400	90 000							0
									0
39	Vågsøy	X		Snu plass Raudeberg Tiltaket er eit delingsprosjekt med Statens vegvesen	500 000	300 000	300 000		300 000
		120 000		Oppført kostnad er 50% av totalkostnad på 1 mill.					0
	120 000	X							0
									0
41	Sei	300 000	Fv 620	Gang/sykkelveg Stadlandet skule - sentrum 4. etappe	600 000	360 000	360 000		360 000
		0							0
	925 000	625 000							0
									0
43	Eid	0	Kv	Skilting Skulevegen - deler av Fossvegen - Sjukehusvegen	493 000	296 000			295 800
		0	Kv	Forsterka lyssetjing ved fotgjengarovergangar ved Eldretunet,					0
	333 000	333 000	Kv	Sjukeheimsvegen, Folkehøgskulen, Eid ungdomskule	200 000	120 000	416 000		120 000
				Autovern / støypekant på komm. vegar	753 000				0
									0
44	Hornindal	303 000		Ikkje søknad 2013					0
		0							0
	393 000	90 000							0
									0
45	Gloppen	150 000	Kv	Fortau langs Åsavegen Sandane	260 000	156 000	156 000		156 000
		114 000							0
	384 000	120 000							0
									0
49	Stryn	61 000	Kv	Revisjon av trafikknyggingsplan	70 000	42 000	42 000		42 000
		324 000							0
	769 000	384 000							0

År	Kommune totalsum for fildeling tre siste år	Utbetalt tilskot 2010-2012	Veg status	Tiltak/ prosjekt	Kostnad	Tilskot enkelt tiltak	Tilskot totalt 2013	Eigendel fylke	60% av kostnad
	FTU			Revisjon av Fylkeskommunal handlingsplan for Trafikktrygging		243 000	243 000		0
					10 999 848	5 000 000	5 000 000	0	6 148 109

Adresseliste:

Flora kommune
Gulen kommune
Solund kommune
Høyanger kommune
Vik kommune
Sogndal kommune
Lærdal kommune
Årdal kommune
Luster kommune
Askvoll kommune
Fjaler kommune
Jølster kommune
Førde kommune
Naustdal kommune
Bremanger kommune
Vågsøy kommune
Selje kommune
Eid kommune
Gloppen kommune
Stryn kommune

Fra: Førde Terje
Sendt: 3. januar 2014 13:47
Til: Øvrebø Vidar; Tom Joensen (Tom.Joensen@bremanger.kommune.no); kvf@bremanger.kommune.no; post@bremanger.kommune.no; Sekom postmottak Litsheim Charles; Trine Vokuhl
Kopi:
Emne: Kontrollutvalsfunksjonen i Bremanger, - brev, retting av brev, svarbrev, mv
Vedlegg: Brev til Fylkesmannen d 271113 ad KU Bremanger.pdf; Brev 030114 frå Fylkesmannen, svar på brev 271113, vedr. KU Bremanger.pdf; Svar på spørsmål om samansetting av kontrollutvalet i Bremanger kommune.pdf

Vedlagt følger kopi av vårt skriv til Fylkesmannen, d. 27.11.13, etter krav/oppmoding frå Kontrollutvalet. Sender dette til informasjon med utfyllande opplysningar nedanfor. Vår målsetting har vore å sende dette over samla, når svarbrevet frå Fylkesmannen låg føre. Svar frå Fylkesmannen har utestått ei tid, og vi har purra opp dette overfor Fylkesmannen pr. e-post, og har i dag motteke brev av 03.01.14 frå Fylkesmannen, som tilbakemelding på vårt skriv. Vi legg ved også dette skrevet i pdf.format her.

Denne saka skriv seg tilbake til arbeidet og førearbeidene som KRYSS Revisjon gjorde i 2012 vedr. utarbeiding av overordna analyse for kommunen, og vi trudde vi var ferdige med denne saka for lenge sidan. I vårt skriv til Fylkesmannen 02.10.12 skreiv vi feil i den forstand at vi kopla feil representant i KU, med feil ektefelle/nærstående, og dette beklager vi igjen, og det har vi søkt å beklage overfor KU ved fleire høve; både i møter og i e-post-korrespondanse. Vi var opptekne av å peike på relasjonar mellom medlemmar i KU og nærstående i forvaltninga, og ikkje opptekne av namn og personar og kven som er gift med kven, osv. Våre funn rokkar likevel ikkje ved realitetane og faktum i høve det som var føremålet med henvendinga til Fylkesmannen i brev av 02.10.12. Vi minner også om at vi i etterkant av verifikasjonen overfor Fylkesmannen, og framfor kva ordlyd som til sist vart teke inn i sjølve analysedokumentet, så fekk vi meir kunnskap gjennom vårt dåverande arbeid, om at det var fleire av dei faste og 1. vara til kommunen sitt KU som faktisk og reelt hadde/har nærstående partar i kommuneforvaltninga, utan at vi gjorde noko større nummer av det.

Vi tok derfor inn følgjande ordlyd i det endelege analysedokumentet, slik (sitat):

»» Det er konstatert at kontrollutvalet har ei samansetting av personar som har nærstående partar i kommuneforvaltninga. Forholdet er teke opp med juridisk avdeling hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i brev av 02.10.12, og det ligg føre svar derifrå, d. 22.10.12. Desse dokumenta følgjer som vedlegg. I ei risikobetraktning, som ein overordna analyse skal ha i seg og byggje på, er det viktig at desse forholda er kjende og at kommunestyret og kontrollutvalsmedlemmane er klar over si rolle og sitt ansvar her.»» (sitat slutt)

Det er vår oppgåve å bl.a. peike på risikoforhold, noko vi også gjer årleg i revisjonsplanssamanheng for eitkvart oppdrag, og ved implementeringa av dei nye internasjonale revisjonsstandardene i offentleg sektor i Norge, vart det også eit nytt krav om at ein skulle innhente opplysningar om nærstående partar i kommunen, slik vi også gjer i bl.a. det årlege skrevet til rådmannen i kommunen, vedr. rådmannen sine vurderingar kring risiko for misleghald i kommunen (der KRYSS Revisjon har rutiner på at både brevet og svarbrevet blir oversendt Kontrollutvalet til orientering, årleg).

Etter vedtak i KU tidlegare og krav framsett i møte 14.10. og no 27.11., har vi utforma eit nytt skriv til Fylkesmannen, slik det er bede om. Dette trass i at det i KU-møte den 27.05.13 låg føre sak til handsaming om at KU skulle annullere/trekke tilbake brev av 16.04.13, frå SEKOM sendt til KRYSS Revisjon. Vi viser til vårt svarbrev på det, d. 03.05.2013, der vi har etterlyst heimelen for KU til å instruere revisor i sitt arbeide. Svar utestår på det frå KU/SEKOM, men vi har lese saka (KU-sak 026/13), som vart utsett i møte 27.05.13, og som seinare ikkje er realitetshandsama av KU; - kvifor har vi ikkje fått svar på (?).

Vårt brev til Fylkesmannen av 27.11.13 har i seg oppdatert/korrekt og fullstendig informasjon etter våre funn frå 2012. Dette brevet, d. 27.11.13, følgjer i scanna form vedlagt her, og skal Fylkesmannen forstå vårt skriv/henvending dit no, eitt år etterpå, er det tvingande nødvendig at brevet har det innhaldet/ omfanget det

har. Vi har bede om ei kort tilbakemelding på dette frå Fylkesmannen; og ei eventuell tilbakemelding derifrå vil bli oversendt frå oss så snart dette ligg føre.

Vi håper KU.no er nøgde med at vi har etterlevd deira krav, sjølv om KU ikkje har mandat eller mynde til å instruere revisor på den måten som er gjort; jfr. KU-vedtak gjort i møte 15.04.13, deira skriv hit 16.04.13 og vårt svarbrev attende, d. 03.05.13.

Vi ville sette stor pris på ein betre dialog og kommunikasjon mellom revisor og kontrollutvalsmedlemmane/kontrollutvalssekretariatet på denne type saker, slik at ein unngår denne tyåe ressursbruk framover. Vi minner om at det til KU-møte den 27.05.13, - sak 026/13 -, låg føre eigen sak om å annullere brev av 16.04.13, sendt KRYSS Revisjon, utan at vårt svarbrev vart teke inn i saka. Vårt brev står framleis usvara, og det er over 8 månader sidan (!). Kvifor, må SEKOM svare for. Den saka (026/13) vart utsett, men er seinare ikkje kome på sakskartet til KU, og vi har heller ikkje sett at vårt svarbrev har kome KU til kunnskap gjennom innkallingar eller møteprotokollar i møter i 2013.

Korleis kommunen sine eigne tilsynsorgan tek realitetane i våre funn inn over seg, er kommunen sitt eige ansvar. Det er vår opppgåve å drive revisjons- og rådgjevingstenester innafor eit regelverk og derved rapportere våre funn. Vi meiner å ha rapportert det som er kravd av kommunerevisjonen i hht dei revisjonsstandarder som skal etterlevast - noko eksterne kvalitetskontrollar av vårt arbeide også dokumenterer. Vi minner om at vi var ferdige med dette arbeidet (overordna analyse og grunnlagsarbeidet for den) for over eitt år sidan.

Det er vår målsetting å til eikvar tid inneha ei rasjonell, effektiv og produktiv ressursutnytting av dei ressursar som er tilgjengelege, til beste for borgarane og forvaltninga i Bremanger kommune. «Den gode dialogen» er ein føresetnad for gjensidig tillit og informasjonsutveksling på ein rasjonell og effektiv måte. Også tilsynsorgana sitt arbeide skal vere bærekraftig i forhold til dei oppgåver og det ansvar som kviler på tilsynsorgana i lovverket. Vi vonar det er vurdert gjennomgåande bærekraftig for kommuneforvaltninga det som KU og sekretariatet nyttar sine tilgjengelege ressursar på. Etter vår oppfatning er det leitt at denne saka ikkje er parkert for lenge sidan frå KU og sekretariatet si side.

Vi minner om at vårt skriv av 27.11.13 er i kopi til Bremanger Kommunestyret v/Ordføraren og Administrasjonssjefen. Vi har forventningar om at både brevet og svarbrevet frå Fylkesmannen blir førelagt Kommunestyret slik Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve uttrykk for både i brev 22.10.12 og no i brev 03.01.14.

Mvh

KRYSS Revisjon

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobil: 99 22 92 27

E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Juridisk avdeling, v/Rådgjevar Anne Jorun Myklebust
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.:
2012/4141-322Vår ref.:
//brev021012/brev271113Arkivkode:
216Journalnr.:
051 / 2013Dokumentdato:
27. nov. 2013**KONTROLLUTVALSFUNKSJONEN I BREMANGER KOMMUNE**

Det vert vist til vårt skriv av 2/10-12, der vi peika på tre forhold kring Bremanger kommune si samansetning av valde personar i kommunen sitt kontrollutval. Fylkesmannen gav svar attende på dette i brev av 22/10-12, referanse nr. 2012/4141-322, elektronisk signert rådgjevarane Arnt Erik Nordheim og Anne Jorun Myklebust.

Vi registrerer at i vi i spørsmålsstillinga var noko upresise i vårt faktagrunnlag for eitt av punkta, men realitetane i spørsmålsstillingane er likevel fullt ut relevante til det som var føremålet med henvendinga; - ei juridisk betenkning og ein verifikasjon av risikotilhøve innafør kommunen i høve utarbeiding av ein overordna analyse for kommunen frå vår side.

Kontrollutvalet (KU) har bede om at vi henvender oss til Fylkesmannen for å rette opp feilinformasjon og eventuelle mistydingar i vårt brev av 2/10-12 til Fylkesmannen, med nemninga 'Kontrollutvalsfunksjonen':

1.

I punkt 1 har vi anført at leiar i KU er gift med dagleg leiar i kommunalt føretak, Bremanger Hamn og Næring KF. Dette føretaket vart nedlagt av Kommunestyret frå 01.01.13 og leiaren i føretaket er innfasa i rådmannen sin stabsfunksjon. Vår vurdering i brevet var, og er framleis, at KU-leiar er i ein nærstående relasjon til sin ektefelle i rådmannen sin stabsfunksjon; noko som er risikobetont i og med at habilitetskravet til leiarvervet i Kommunestyret sitt tilsynsorgan (KU) er betydeleg svekka for alt som har med sentraladministrasjonen og arbeidsfeltet til ektefellen i kommunen å gjere. Vi er også kjend med at leiaren si mor er tilsett ved ein institusjon i kommunen. Etter dette må leiaren i KU sin habilitet vere under stadig vurdering og oppfølging i eikvar sak som rettar seg mot saksfeltet der leiaren har nærstående partar i kommuneforvaltninga. Etter vår oppfatning vil KU sin løpande funksjonar kunne bli stadig sett på prøver, og det var vårt poeng i 2012 og det står framleis fast.

2.

I punkt 2 i vårt brev av 02/10-12 henta vi informasjonen frå kommunen si politisk vedtekne Årsmelding for 2011, der det står at ein tilsett i brannvernberedskapsvakta inngår i vaktberedskapsordninga for brannvernet i kommunen. I våre risikobetraktningar i høve overordna analyse vart det konstatert at denne 'tilsette' er ein person som er tilsett og løna av Elkem Bremanger, som så sender refusjonskrav til Bremanger kommune. Personen er nestleiar i KU. I vårt skriv til Fylkesmannen har vi peika på realitetane i saka, der nestleiar i KU, i eit risikoperspektiv, må betraktast, reelt og faktisk, å vere i ein nærstående relasjon til eit teneste-/forvaltningsområde som KU er sett til å føre tilsyn med. I etterkant er vi også blitt kjend med at nestleiar i KU har ektefelle tilsett i kommunen i stilling som pedagogisk leiar ved eit oppvekstsenter i kommunen.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstad 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46

Tlf. Kari Sygna, 57612789, mobil: 97981322

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

3.

I pkt. 3 i vårt brev 2/10-12 ser vi at vi var litt upresise i høve framføringa av faktum i Bremanger når det gjeld personar og kven som er kven. I vårt brev skreiv vi at ein tidlegare vald vararepresentant vart vald inn i kontrollutvalet som fast medlem, og at vedkomande er gift med kommunalt tilsett i 100 % stilling, som har sitt arbeid på løns- og personalkontoret. Dette er feil og upresist: Vedkomande tidlegare 1. vararepresentant vart vald inn som fast medlem i KU ved suppleringsval. Han er gift med ein kommunalt tilsett i stilling ved eit oppvekstsenteret i kommunen (skule/barnehage). I Bremanger kommune har KU ei ordning ved at 1. vararepr. til KU vert innkalla, og er fast møtande i KU. Det er denne 'nye' 1. vararepr. (opprykk ved suppleringsvalet) som er den som er gift med kommunalt tilsett i 100 % stilling på lønsavdelinga i kommunen; og det er den relasjonen som vart teke opp i vårt skriv av 2/10-12. Vi beklager feil i vår ordlyd i brev 2/10-12. I vårt brev var vi meir opptekne av funksjonar og nærstående partar mellom representantar ig KU og nærstående partar i forvaltninga, enn namn. I etterkant er vi blitt gjort kjend med at ein fjerde fast representant i kommunen sitt KU er gift med ein kommunalt tilsett i stilling som førskulelærar ved eit oppvekstsenter i kommunen. 4 av 6 personar i KU har sålies nærstående partar i kommuneforvaltninga, som dei sjølve (KU) er sett til å føre tilsyn med.

Vi har søkt å beklage feilen/upresisheita i vårt skriv, i eit KU-møte den 28.11.12, og følgd opp dette i ein e-post av 30.11.12, men einsskilde representantar i KU er no (1 år etterpå) enno ikkje ferdig med denne delen av saka. Derfor prøver vi å rette opp informasjonen overfor Fylkesmannen no. Ovannemnde faktaopplysningar meiner vi skal vere dei korrekte. Vår korrespondanse med Fylkesmannen var utelukkande til vår bruk for å få verifikasjon og ei juridisk betenkning kring legalitetsvurderingar og faglege risiko- og vesentlegheitsbetraktningar av kommunen i høve utarbeiding av ein overordna analyse for kommunen. Den ordlyden vi landa på i det endelege analysedokumentet for kommunen var følgjande når det gjeld dette, - vi siterer frå side 18 i Overordna analyse for Bremanger:

«Det er konstatert at kontrollutvalet har ei samansetning av personar som har nærstående partar i kommuneforvaltninga. Forholdet er teke opp med juridisk avdeling hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i brev av 02.10.12, og det ligg føre svar derifrå, d. 22.10.12. Desse dokumenta følgjer som vedlegg. I ei risikobetraktning, som ein overordna analyse skal ha i seg og byggje på, er det viktig at desse forholda er kjende og at kommunestyret og kontrollutvalsmedlemmane er klar over sin rolle og sitt ansvar her.»

(sitat slutt).

Vi viser også til kva Fylkesmannen har skrive i brevet til oss 22.10.13; og vi velger å sitere:

*«Kommunestyret må vere merksame på at det kan vere forhold som gjer at valbare personar ofte kan bli inhabile, og at det difor ikkje er tilrådelig at dei blir valde. For eksempel dersom:
- Kontrollutvalsmedlemmen er i ein for nær relasjon med personar som har leiaransvar i sentraladministrasjonen i kommunen»*

(sitat slutt).

Fylkesmannen presiserer også i nemnde svarbrev til oss at sjølv om det sit personar i kontrollutvalet som lett vert inhabile i saker for kontrollutvalet, fører ikkje det i seg sjølv til at samansetninga av utvalet er ulovleg. Nære relasjonar til personar i stillingar/funksjonar som vert omfatta av kommunelova § 14 og 77, kan likevel føre til at vedkomande vert inhabil etter forvaltningslova § 6 eller § 40 når saker er til handsaming i kontrollutvalet. På bakgrunn av føremålet og funksjonen med KU, er det viktig at kommunestyret syter for å velje eit kontrollutval som fungerer godt, med medlemmar som kan delta aktivt i dei oppgåvene som er lagt til kontrollutvalet. Vi er samde i dei betraktningar og konklusjonar Fylkesmannen har kome med, og hensynteke innhaldet i vårt brev 02.10.12, og dei nye opplysningane ovanfor så vil vi tru at innhaldet/konklusjonane i Fylkesmannen sin uttalen i brev 22.10.12 står fast. Det var vår intensjon å gjere Kommunestyret merksame på dei nære relasjonar som eksisterer mellom forvaltninga og medlemmar i kontrollutvalet, og dette er rapportert frå vår side i overordna analyse slik som beskrive ovanfor. Vi er takksame for ei kort tilbakemelding i saka.

Florø/Førde 27. november 2013

Kommunerevisjonen
170 Sogn og Sunnfjord
Postboks 187, 6801 Førde

Terje Førdes

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Dagleg leiar/Revisjonssjef
KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Kopi: Kontrollutvalet i Bremanger kommune v/SEKOM-Sekretariat
Bremanger Kommunestyre v/Ordføraren
Bremanger kommune v/Rådmannen



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Arnt Erik Nordheim
Telefon: 57643168
E-post: fmsfaen@fylkesmannen.no

Vår dato
03.01.2014
Dykkar dato
27.11.2013

Vår referanse
2012/4141 - 322
Dykkar referanse

Elektronisk mottakar:
Kryss revisjon
v/Terje Førde

Brevet dykkar 27.11.2013

Vi viser til brevet dykkar 27.11.2013, der de tek opp att spørsmål om habilitet og samansetting av kontrollutval i Bremanger kommune.

I brevet vårt 22.10.2013 har vi presisert at det er kommunestyret som har ansvaret for organiseringa i kommunen og som vel medlemmane til kontrollutvalet. Det er derfor opp til kommunestyret å vurdere om ei samansetting av medlemmane i kontrollutvalet er heldig eller ikkje, jf. også kommunelova § 77 nr. 3 og kontrollutvalsforskrifta¹ § 3.

Med tilvising til *Kontrollutvalsboka*, publikasjon H-2254 B frå Kommunal- og regionaldepartementet, har vi rettleia om at kommunestyret må vere merksame på forhold som gjer at valbare personar ofte kan bli inhabile ved handsaming i kontrollutvalet, og at det derfor ikkje er tilrådeleg at dei blir valde. Vi har også gjort greie for reglane om nyval. Endeleg har vi presisert at sjølv om det skulle sitje personar i kontrollutvalet som lett vert inhabile i saker for kontrollutvalet, fører ikkje det i seg sjølv til at samansettinga av utvalet er ulovleg.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at brevet dykkar 27.11.2013 gjev grunnlag for ytterlegare merknader herifrå, og vi viser til den generelle rettleinga i brevet vårt 22.10.2012.

Med helsing

Anne Kristin Eitungjerde
juridisk sjef

Arnt Erik Nordheim
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi:
Bremanger kontrollutval
v/SEKOM-sekretariat

Postboks 338 6802 Førde

Elektronisk kopi:
Bremanger kommune

¹ FOR-2004-06-15-905

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Anne Jorun Myklebust
Telefon: 57 64 31 84
E-post: fmsfamy@fylkesmannen.no

Vår dato
22.10.2012
Dykkar dato
02.10.2012

Vår referanse
2012/4141 - 322
Dykkar referanse

Elektronisk mottakar:
Kryss revisjon
v/ Terje Førde

Svar på spørsmål om samansetting av kontrollutval, Bremanger kommune

Vi viser til brev datert 02.10.2012. I brevet peiker de på tre forhold i samansetninga av kontrollutvalet i Bremanger kommune som de meiner er uheldige, og de ber Fylkesmannen om å vurdere forholda. Vi legg til grunn at det nærare innhaldet av brevet er kjent.

Fylkesmannen viser til at det er kommunestyret som har ansvaret og som vel medlemmane til kontrollutvalet. Det er derfor opp til kommunestyret å vurdere om ei samansetning av medlemmane i kontrollutvalet er heldig eller ikkje. Fylkesmannen kan derfor ikkje gå inn på ei nærare vurdering av dette slik de spør om. Fylkesmannen har likevel ei generell rettleiingsplikt innanfor våre område, jf. forvaltningslova § 11. Vi vil derfor i det følgjande gje ei generell orientering om regelverket kring samansetning av kontrollutvalet.

Opggåvene og samansetninga i kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal medverke til at kommunen når dei måla som er sette, innanfor rammene av gjeldande regelverk og tildelte ressursar. Kontrollutvalet skal også medverke til å styrke tilliten til forvaltninga, gjennom førebygging og avdekking av mislege handlingar og andre uheldige tilhøve.

Kommunestyret skal leggje til rette for eit kontrollutval som kan medverke til demokratisk innsyn og kontroll. For at tilliten til at kontrollutvalet utfører kontrollopggåvene sine på ein god måte, er det viktig at medlemmane i utvalet er uavhengige og nøytrale. Det er derfor reglar om kven som er utelukka frå val til kontrollutvalet. Kven dette er, går fram av § 14 nr.1 bokstav b og § 77 nr. 2 i kommunelova:

§ 14 nr. 1:

b) Utelukket fra valg er fylkesmannen, assisterende fylkesmann, og den som i vedkommende kommune eller fylkeskommune er administrasjonssjef eller dennes stedfortreder, er sekretær for kommunestyret eller fylkestinget, er leder av forvaltningsgren, har ansvaret for regnskapsfunksjonen i kommunen eller fylkeskommunen, eller foretar revisjon for kommunen eller fylkeskommunen. Leder av enkeltstående virksomheter er likevel ikke utelukket fra valg. I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform er ansatte i sekretariatet til rådet som har fått myndighet delegert fra rådet, ikke valgbare.

§ 77 nr. 2:

Utelukket fra valg er ordfører, fylkesordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap og fylkesutvalg, medlem og varamedlem av kommunal eller fylkeskommunal nemnd med beslutningsmyndighet, medlem av kommuneråd eller fylkesråd og ansatte i kommunen eller fylkeskommunen.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Når det gjeld spørsmål om kven som vert rekna for å vere «ansatt i kommunen», vil dette normalt vere personar som er tilsett av eit kommunalt organ. Kommunal- og regionaldepartementet har tidlegare uttalt at omgrepet "ansatt" ikkje omfattar personar som utfører arbeid for ein kommune utan at det ligg føre eit ordinært tilsetjingstilhøve, sjå sak 04/2754 i rundskriv 19/05 <http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/rundskriv/2005/rundskriv-h-1905.html?id=109529>.

Departementet har elles i eit brev til Senterpartiet i Sogn og Fjordane 26.10.2011 lagt til grunn at omgrepet «ansatte i kommunen» omfattar alle som har eit slikt forhold til kommunen at dei kan reknast å ha kommunen som arbeidsgjevar, sjølv om dette ikkje er hovudarbeidet til vedkomande. Det har ikkje noko å seie om det er tale om ein liten stillingsbrøk.

Etter kommunelova §§ 14 og 77 er det berre personar som er i dei posisjonane/stillingane som er nemnde i føresegnene, som ikkje kan veljast inn i kontrollutvalet. Om ein person har ein nær relasjon til ein person i ein av desse posisjonane/stillingane, vil det derfor ikkje vere i strid med desse føresegnene å velje personen inn i kontrollutvalet.

Nære relasjonar til personar i stillingar som vert omfatta av kommunelova § 14 og § 77 kan likevel føre til at vedkomande vert inhabil etter forvaltningslova § 6 eller § 40 når saker er til handsaming i kontrollutvalet. På bakgrunn av formålet og funksjonen med kontrollutvalet, er det viktig at kommunestyret sørgjer for å velje eit kontrollutval som fungerer godt, med medlemmar som kan delta aktivt i dei oppgåvene som er lagt til kontrollutvalet. Kommunestyret bør derfor også vurdere omsynet til inhabilitet når dei vel medlemmar til kontrollutvalet. I *Kontrollutvalsboka, Om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet*, H-2254 B, utgjeve av Kommunal- og regionaldepartementet, gjev departementet følgjande tips på side 18:

Kommunestyret må vere merksame på at det kan vere forhold som gjer at valbare personar ofte kan bli inhabile, og at det difor ikkje er tilrådelig at dei blir valde. For eksempel dersom:

- *Kontrollutvalsmedlemmen er i ein for nær relasjon med personar som har leiaransvar i sentraladministrasjonen i kommunen.*
- *Kontrollutvalgsmedlemmen er styremedlem eller leiar i eit selskap som kommunen har eigarskap i.*

Fylkesmannen presiserer at sjølv om det sit personar i kontrollutvalet som lett vert inhabile i saker for kontrollutvalet, fører ikkje det i seg sjølv til at samansetninga av utvalet er ulovleg.

Nyval

Etter kommunelova § 77 nr. 3 kan kommunestyret når som helst gjere nyval av medlemmane i kontrollutvalet. Det er derfor kommunestyret sjølv som må vurdere om det er forhold ved samansetninga av kontrollutvalet som gjer at det bør gjerast nyval.

Dette går også fram av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner av 15.06.2004 § 3, der det samstundes vert presisert at det ved utskifting av eitt eller fleire medlemmar i utvalet, også skal gjerast nyval av alle medlemmane i utvalet. Dette er ikkje til hinder for at personar som allereie sit i kontrollutvalet, vert valt på nytt.

Med helsing

Arnt Erik Nordheim
rådgjevar

Anne Jorun Myklebust
rådgjevar

Elektronisk kopi m/vedlegg til:
Bremanger kommune

Vedlegg:

1. Brev frå Kryss revisjon datert 02.10.2012

Brevet er elektronisk godkjent.

03/14 MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I BREMANGER

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat

Dato: 02.01.2014

Utval	Dato	Saksnr	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Bremanger	03.02.2014	03/14	Ja

Saksvedlegg:

Forslag til møteplan.

Møteplan 1. halvår 2014 – Bremanger kommune

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Møteplan for kontrollutvalet i Bremanger for 2014 vert godkjent.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I BREMANGER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Bremanger for 2014.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del, og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i dei 15 kommunane.

I planen for kvar kommune er det, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og kommunestyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem til og som hastar, eller av andre årsaker. Møteinnkalling vert sendt ut om lag ei veke før møtedato.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I BREMANGER KOMMUNE - 2014

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL		3			27					16	27	
FORMANSKAP	30		6	10		5						
KOMMUNESTYRE		13	20	24		19						

MØTEPLAN I.HALVÅR 2014 - BREMANGER KOMMUNE

	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
Formannskapet	30.		06.	10.		05.
Hamnestyret	30.		06.			05.
Kommunestyret		13.	20.	24.		19.
Kontrollutvalet						
Administrasjonsutvalet						
Eldrerådet						
Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne						



04/14 EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Handsamar: Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat
Dato: 27.01.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Bremanger	03.02.2014	04/14	Ja

Saksvedlegg

Brev datert 8.01 2014 frå Kryss Revisjon: Vurdering av uavhengigheit 1438 Bremanger kommune.

Brev datert 8.01 2014 frå Revisjonssjef forvaltning Charles Litsheim: Vurdering av uavhengigheit – Revisjonsplanen for m.a. Bremanger kommune 2014.

Brev datert 8.01 2014 frå Kommunerevisor I Trine Vokuhl: Vurdering av uavhengigheit – Revisjonsplanen for Bremanger kommune 2014.

Brev datert 2.01 2014 frå Forvaltningsrevisor Stig Årdal: Vurdering av uavhengigheit – gjort konkret og individuelt: Revisjonsplanen for m.a. Bremanger kommune 2014.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.

Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for finansiell revisjon for Bremanger kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 8.01.2014 til vitande.

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for forvaltningsrevisjon for Bremanger kommune si eiga vurdering av uavhengigheit datert 8.01.2014 til vitande.

Kontrollutvalet tek operasjonell/utøvande finansiell revisor for Bremanger kommune si eiga vurdering av uavhengigheit datert 8.01.2014 til vitande.

Kontrollutvalet tek forvaltningsrevisor for Bremanger kommune si eiga vurdering av uavhengigheit datert 2.01.2014 til vitande.

Saka vert sendt til bystyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig eigen vurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for finansiell revisjon for Bremanger kommune, har i brev datert 8.1.2014 gjeve ei skriftleg eigen vurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Charles Litsheim, oppdragsansvarleg revisor for forvaltningsrevisjon for Bremanger kommune, har i brev datert 8.1.2014 gjeve ei skriftleg eigen vurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Trine Vokuhl, operasjonell/utøvande finansiell revisor for Bremanger kommune, har i brev datert 8.1.2014 gjeve ei skriftleg eigen vurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg

Stig Årdal, forvaltningsrevisor for Bremanger kommune, har i brev datert 2.1.2014 gjeve ei skriftleg eigen vurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengighet med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigen vurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengighet og objektivitet overfor Bremanger kommune.

I 35/14

*Til Kontrollutvalet
i Bremanger kommune*

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:
 Revplan 2014 216&30 012 / 2014 8. januar 2014
 Erklæring2014Bremanger

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT 1438 BREMANGER KOMMUNE

Innleiing:

Bremanger kommune sin revisor er *Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord*; etablert som eit interkommunalt revisjonssamarbeid, organisert etter KommuneLOVA § 27, med tilhøyrande samarbeidsavtale og vedtekter. I det daglege nyttar ein forkortinga KRYSS Revisjon. I følgje forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun *oppdragsansvarlege* revisorar som *plikter* å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor, og dei øvrige revisorar som har befatning med oppdraget, vil ha utarbeida sine særskilde, skriftlege eigenvurderingar, og desse vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet.

Både KommuneLOVA (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. KommuneLOVA § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærståande (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

Regionskontor for kommunane:
Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35
Forvaltningsrevisorar:
Revisjonssjef Forvaltning Charles Litsheim,
Telefon: 57612788, 91333046
Forvaltningsrevisor Stig Årdal, 57612810, /90524855

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 28 10, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 27 89, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

I tillegg stiller lova, § 79, og revisjonsforskrifta, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver
7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særreine forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrende organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<p><i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikke revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i></p>

Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for Bremanger kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særøigne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særøigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor oppdraget Bremanger kommune og dei kommunale føretaka i kommunen..</i>


Revisjonssjef forvaltning, *Charles Litsheim*, forvaltningsrevisor *Stig Årdal* og operasjonell/utøvande finansiell revisor overfor Bremanger kommune, *Trine Vokuhl*, har avgjeve særskilde uavhengigheitserklæringar for 2014, som vert sendt over til kommunen sitt Kontrollutval saman med denne uavhengigheitserklæringa frå dagleg leiar/revisjonssjefen i KRYSS Revisjon.

Praksis er ein årleg gjennomgang og internvurderingar av alle forhold som knyter seg til eitkvart oppdrag som sorterer inn under kommunen. Praksis er også at desse dokumenta er undergjeve *ekstern kvalitetskontroll frå ekstern kontrollmyndigheit*, og at dokumenta også blir lagt fram årleg til realitetshandsaming i kommunen sitt Kontrollutval og Kommunestyre.

